

Vurdering av innspel til planprogrammet for arealdelen til kommuneplanen

Alle innspela er oppsummerte og vurderte. Det er lagt inn lenker der du kan lesa heile innspelet. Innspela har fått farge i høgre kolonna som speglar vurderinga:

Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.	Ikkje tatt til følge. Innspelet er vurdert, men gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.	Tatt til orientering. Innspelet inneheld relevant informasjon, men fører ikkje til endring i planprogrammet.	Tatt til følge. Innspelet fører til endring av planprogrammet.
--	--	--	--

Innhald

1. Innspel frå privatpersonar	2
2. Innspel frå lag og organisasjonar.....	25
3. Innspel frå næringsaktørar.....	39
4. Innspel frå offentlege høyringspartar.....	57

1. Innspel frå privatpersonar

Tema	Innspel	Kommentar/merknad
Anonym, Survey-innspel nr. 1		
Senterstruktur	Det bør bli enklare å bygga og utvikla eigedommar utanfor Straume.	Strategiane legg opp til ei vidareutvikling av bygdene både med spreidd bustad, næring og noko fortetting.
Anonym, Survey-innspel nr. 2		
Anonym, Survey-innspel nr. 6		
Bustadutvikling	Kommunen må gi tydeleg signal om at vi vil leggja til rette for eldretun, generasjonstun og bufelleskap, med felles funksjonar. Kommunen må leggja til rette for at folk skal kunna bu i bygda si heile livet.	Planprogrammet er tydeleg på at vi skal legge til rette for varierte bustadtypar i heile kommunen. Buformene det vert peika på i innspelet skal kunna byggast i bustadområde over heile kommunen, men i ulik skala.
Anonym, Survey-innspel nr. 3		
		Skålevik har vore vurdert som sentrumspunkt, men ikkje møtt kriteria for samla funksjonar, tettleik av busette og utviklingspotensiale. Innspela elles tek vi med oss vidare i planarbeidet.
Anonym, Survey-innspel nr. 8		

Arealinnspel	Ønskjer endra arealbruk for sin eigedom	Ønsket om endra arealbruk for eigdommen er eit arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Anonym, Survey-innspel nr. 9		
Senterstruktur	Kommunen bør prioritera å vidareutvikla sentera, særleg Straume, og leggja til rette for utvikling der det er eksisterande infrastruktur.	Sentera og Straume er allereie ei klar og tydeleg satsing i strategiane.
Strandsone	Det bør vera mogleg å gjera mindre tiltak som små flytebrygger som er lette å reversera.	Mindre tiltak i sjø vert allereie løfta fram som noko vi skal arbeida med.
Anonym, Survey-innspel nr. 10		
Senterstruktur	Det bør leggest til rette for å bygga einebustader i bygdene, særleg langs eksisterande veg.	Strategiane legg allereie opp til ei vidareutvikling av bygdene både med spreidd bustad.
Strandsone	Svært viktig å få utvikla eksisterande naustmiljø, særleg der det allereie er etablert kai. Etterlyser likebehandling, der er bygd naust i naustformål bør omkringliggande tomter få same moglegheit.	Eksisterande naustmiljø er allereie løfta fram som noko vi skal arbeida med.
Maia Molland, Survey-innspel nr. 11		
Strandsone	Ber om at det vert rydda opp i område det openbart er meint å bygga på, men som får avslag grunna manglande tomtegrense mot sjø. Dispensasjonssøknader blir kostbart.	Kvar det skal kunna byggast og ikkje byggast i strandsona er allereie løfta fram som noko vi skal arbeida med.
Anonym, Survey-innspel nr. 14		
Strandsone	Naustmiljø står til forfall fordi ein ikkje får oppgradert til dagens bruk, etter at naustmiljø vart gjort om til LNF i førre arealdel (Fjell). Meiner det ikkje vil vera konflikt med LNF-interesser om ein endrar tilbake til naustformål, og at det må vera mogleg å bygga naust der det står nokre naustetomter att.	Eksisterande naustmiljø er allereie løfta fram som noko vi skal arbeida med.

Bjarte Bjørkeli, Survey-innspel nr. 15		
Gjennomføring	Det må bli meir fokus på rekkefølgekrav. Dersom ein utbygger vil utvikla eit område må dei også spleisa på betre infrastruktur.	Vi tek med innspelet med oss vidare i arbeidet.
Strandsone	Det er vanskeleg for fastbuande å få tak i naust med båtfeste, mange av nausta er eigd av folk som ikkje er fastbuande. Vanskeleg å få tak i båtplass på Ågotnes.	Vi tek med innspelet med oss vidare i arbeidet.
Hallgeir Dale, Survey-innspel nr. 16		
Senterstruktur	Viktig at ikkje alt vert plassert i senter, vi er kjenneteikna av spreidd busetnad. Å ta vare på natur er fint, men vert nytta som argument for senterutvikling. Viktig å halda fram med spreidd busetnad for å oppretthalda bygdene.	Strategiane legg allereie opp til ei vidareutvikling av bygdene med spreidd bustad.
Næring	Næringslivet vil alltid greia seg i denne kommunen. Dei treng heller ikkje ta omsyn til dei gjeldande planane.	Det er fint med ulike synspunkt i tilbakemeldingane.
Ruth Berit Vik, Survey-innspel nr. 17		
Landbruk	Er ueinig i kunnskapsgrunnlaget som gjeld eigedommen. Kartlegging av landbruksjorda er i samsvar med dagens bruk, men meiner eigedommen ikkje kan reknast som svært viktig friluftsområde. Ueinig i at kommunen kan omdefinera landbruksjord til friluftsområde.	<p>Kunnskapsgrunnlaget om friluftsverdiar er ei overordna kartlegging av heile kommunen. Kunnskapsgrunnlaget vurderer ikkje kvar enkelt eigedom, men viser at det er viktige verdiar innanfor større område, som vi må ta vare på for framtida.</p> <p>Kartet innspelet viser til endrar ikkje arealbruken for eigedommen, men er eit viktig kunnskapsgrunnlag når vi skal vurderer kva formål vi skal ha i arealdelen seinare i prosessen.</p>

		Planprogrammet viser til at vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av fulldyrka jord, men landbruksjord generelt har eit sterkt vern.
Anonym, Survey-innspel nr. 18		
Senterstruktur	Saknar definisjon av kva ei bygd er, og kor dei er. Mange myter som seier at sentrumsutviklinga fører til døde grender. Minner om at det finst mange grender på Litle-Sotra også. Utbygging bør i hovudsak skje tett på eksisterande infrastruktur, og følgja opp senterstrukturen. Svært viktig å vera lojal til vedtekne planar fram til reserven i planane vert liten. I dag ser ein tendensar til at sentrumsområda vert utvida litt og litt, utan heilskapleg plan. Må leggja betre til rette for kollektivløysingar som gjer det mogleg å koma seg til og frå sentra.	I den kommunale planlegginga vert alle stader som ikkje er eit senter kalla for bygder. Her finst det heilt sikkert ulike meiningar og opplevingar av om vi bur i bygder eller ikkje. I Arealplanlegginga legg vi opp til meir spreidd bygging i bygdene enn vi gjer i sentera, men den tette og konsentrerte bygginga som vi viser til skal skje i sentera vil i hovudsak leggest til sentrumskjernane. Vi tek med oss merknadane i det vidare planarbeidet.
Alf Magne Foldnes, Survey-innspel nr. 19		
Arealinnspel	Ønskjer at LNF vert lagt utanfor eigedommen. Opplever at folk brukar privat hage fordi det ligg som LNF.	Formålet LNF (landbruk, natur og friluftsliv) regulerer ikkje om folk har rett til å gå over eigedommen eller ikkje. Dette vert styrt av allemannsretten (friluftsløva). Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Anne-Grete Sandtorv, Survey-innspel nr. 20		
Senterstruktur	Syns strategiane er gode, men foreslår endring av kulepunkt 3 under punkt 9.2.1 (utheva): Bygdene	Innspela ser ut til å gjelda arealstrategiane i samfunnsplanen, og denne vart vedteken i 2022.

	skal kunna tilby eit landleg og roleg, <i>men også eit aktivt liv i bygda</i> , med god tilgang på kvardagsfunksjonar i sitt næraste senter. Foreslår endringa for å leggja vekt på at «å leva» er like viktig som «å bu», og for å motivera til småskala næring i gamle løer og naust.	
Trygve Wåge, Survey-innspel nr. 21		
Utmarksgrensa	Ber om at utmarksgrensa vert endra og flytta lengre aust og sør på Wåge for å sikra utvikling i bygda.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda.
Strandsona	Wåge eignar seg godt til båtmarina, det bør setjast av meir areal til formålet her. Området eignar seg godt til naustområde, men vart tidlegare endra til LNF. Området er dårleg eigna til badeplass eller andre friluftaktivitetar.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Jan Magne Varøy, Survey-innspel nr. 22		
Strandsona/fritidsbustader	Tomtar som er regulert til naust/kai og fritidsbustad bør vidareførast.	Kommunen er gjennom både plan- og bygningslova og nasjonale og statlege føringar pålagt til å vurdere gjeldande arealbruk. Det vil vera mogleg å gi eventuelle konkrete digitale kartinnspel i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Nils Kåre Foldnes, Survey-innspel nr. 23		

Utmarksgrensa	All utmark på Foldnes/Våge er merka som svært viktige friluftsområde. Alle dei viktige friluftsområda på Litlesotra er plassert på nordre delen. Foreslår å flytta utmarksgrensa for Foldnes Vest lenger vestover for å tillata spreidd bygging langs innmarka, framfor å fortetta innmarka.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda.
Strandsona	All strandsona rundt Foldnes er markert som verdifull strandsona. Meiner det ikkje kan stemma at dette er svært viktige strandområde, sidan det er bygd hytter og naust der det finst tilkomst til strandsona. Der det ikkje er bygd er det stort sett vanskeleg tilkomst til strandsona.	Forvaltning av strandsona skal arbeidast vidare med når vi fastset arealbruk i den nye planen. I utgangspunktet er det byggeforbod i strandsona, men vi skal søke å finne det lokale handlingsrommet som dei statlege føringane tillèt. Foldnes er eitt av områda i kommunen der kunnskapsgrunnlag og kartlegging viser at det er størst byggepress i strandsona, og særleg viktig å ta vare på dei få områda som framleis er verdifulle og tilgjengelege.
Karen Foldnes, Survey-innspel nr. 24		
Utmarksgrensa	Ønskjer at utmarksgrensa vert justert for å få endra arealformål for eigdommen.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda.

		Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspelet. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Henrik Behrens Lie, Survey-innspelet nr. 25		
Arealinnspelet	Ønsker at område på Liaskjæret blir endra frå LNF til bustadformål, i tråd med faktisk bruk.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspelet. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Landbruk	Er ueinig i kunnskapsgrunnlaget. Fleire område som ikkje har vore brukt til landbruk er registrert som landbruksjord.	Kunnskapsgrunnlaget tek utgangspunkt i det offentlege arealressurskartet, og tek ikkje omsyn til om arealet er i drift eller ikkje. Landbruksjorda skal i samsvar med nasjonale føringar sikrast også for framtidige generasjonar.
Gunn Glimsdal, Survey-innspelet nr. 27		
Senterstruktur	Sentralisering av aktivitetar, helse- og omsorgstenester vil gjera det vanskeleg å bu trygt i bygdene heile livet. Det er behov for møteplassar, aldersvennlege bustader og betre kollektivtransport, for å sikra eit godt bumiljø og førebygga einsemd.	Planprogrammet er tydeleg på at vi ønsker aktive og levande lokalsamfunn i heile kommunen. Strategiane i samfunnsdelen seier allereie at vi kan leggja til rette for dette «med møteplassar i form av uterom, samfunnshus, kontorfellesskap og liknande, både som nye etableringar og gjenbruk av eksisterande bygg.» I arbeidet med arealdelen set vi av areal til slike aktivitetar. Vi tek med oss merknaden i det vidare arbeidet.
Bustadutvikling	Ønsker liknande konsept som Vindmøllebakken på kommunen si tomt på Møvik.	Vindmøllebakken er eit fint døme på korleis vi kan sikra gode sosiale og inkluderande bumiljø. Bustader i eit slikt omfang vil nok ikkje vera i tråd med strategiar for utvikling av bygder og lokalsenter, men det er ikkje til hinder for å få til liknande

		<p>prosjekt i ein mindre skala. I bygdene vil vi i tillegg til einebustader og tomannsbustader gjerne ha rekkehus, og vi kan også ha nokre leiligheiter i fleirmannsbustader (mindre bygningar enn blokker, men med leiligheiter). Prosjekt som Vindmøllebakken krev ikkje eige arealformål. Der vi har sett av areal til bustader i arealdelen kan ein i utgangspunktet bygga aldersvennlege bustader og bustader for fleire aldersgrupper.</p> <p>Vi tek med oss merknaden i det vidare arbeidet.</p>
Gunnar Buvik, Survey-innspel nr. 28		
Strandsona	Ønskjer at kommunen sørger for at Straume sjøfront blir utvikla som eit pulserande småbåtmiljø med nabolagskafe, og eit attraktivt rekreasjonsområde på land.	Vi tek med oss merknaden i det vidare arbeidet.
Tenesteutvikling	Oppmodar kommunen til å vidareføra biblioteket og innbyggartorget på Sartor, som har vore ein stor suksess.	Arealplanen løyser dessverre ikkje tenesteutviklinga, men førebels er det ikkje planar om å flytta biblioteket.
Marit Skålevik, Survey-innspel nr. 29 og 30		
Arealinnspel	Er eigar av eigedom på Skålevik der deler av eigedommen har vore sett av til offentleg tenesteyting.	Formålet i ny arealdel er ikkje avklart enno. Vi tar med oss innspelet i arbeidet vidare.
Anonym, Survey-innspel nr. 33, 34 og 35		
Senterstruktur	Meiner kommunen må nytta faglege vurderingar som grunnlag for kva område som kan utviklast, og kva som må vernast. Viser til landskapsanalysen. Planprogrammet bør tydelegare leggja vekt på korleis område som ikkje er sårbare kan utviklast. Ulveset-Møvika er vurdert	<p>Planprogrammet er ei oppskrift på korleis i skal arbeida vidare, og grunnlaget for dei vurderingane vi skal gjera vidare.</p> <p>Arealbruk på Møvika skal vurderast ut i frå fagleg og lokal kunnskap når vi utarbeider sjølve planen. Men i</p>

	<p>til middels landskapsverdi. Meiner difor at området har rom for vidareutvikling, men at tiltak må vera tilpassa terreng og eksisterande strukturar. Møvika er eit viktig bumiljø. Planprogrammet bør leggja til rette for inkluderande bumiljø, sosiale møteplassar, gode gang- og sykkelsamband og varierte bustadtypar, også i nærmiljø utanfor sentera. Etterlyser at kommunen legg til rette for nye buformer og deleløysingar. Planprogrammet bør opna opp for å vurdera LNF-område tett på dagens busetnad, for å sikra bustadmangfald og rimelege buformer. Planprogrammet må presisera korleis naturbaserte løysingar, klimaomsyn og overvasshandtering kan integrerast i vidare utvikling for å sikra meir kunnskapsbasert, balansert og framtidsretta arealpolitikk.</p>	<p>arealdelen set vi berre av areal og nokre rammer for utbygging. Kva løysingar som skal byggast er i stor grad opp til utbyggar sjølv.</p> <p>Klima og overvasshandtering er allereie ein del av strategiane i planprogrammet, og vi skal følga desse opp vidare.</p>
Dagfinn Sjo, Survey-innspel nr. 36		
Vindkraft	Vindkraft øydelegg landskapet, også havvind. Sats på kjernekraft.	Vi tek med oss merknaden i det vidare arbeidet.
Nina Eileen Askeland, Survey-innspel nr. 37		
Strandsone	Kommunen bør finna eigna område for universelt tilrettelagte fiskeplassar og tilkomst til sjø. Er positiv til prosessen og møtene som er arrangert.	Vi tek med oss merknaden i det vidare arbeidet.
Liv Pauline Gavlen og Ole Jan Gavlen, Survey-innspel nr. 38		
Utmarksgrensa	Ønskjer at utmarksgrensa på Foldnes vest vert trekt utanfor eigedom.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på

		at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda.
	Ønskjer endra arealbruk for eigedommen.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspelet. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Knut Børge Breivik, Survey-innspelet nr. 40 og 45		
Næring	Kommunen bør satsa meir på andre næringar enn oljerelaterte, for eit meir robust samfunn, og ta ei aktiv rolle i å støtta private aktørar som ønskjer å utvikla ny næringsverksemd. Turisme er ei næring i vekst. Kommunen bør leggja til rette for utvikling av slik næring der det allereie er etablert infrastruktur, og som utviding/i tilknytning til eksisterande bygg. Etterspør særleg at kommunen legg til rette for areal til rorbuer for utleige. Det må vera samsvar mellom formål i sjø og på land.	Vi tek merknadane med oss vidare i planarbeidet.
Senterstruktur	Alt bør ikkje leggjast til Straume, vi må også ha helsetenester sør og nord i kommunen. Må ha minst ein barne- og ungdomsskule i gamle Sund og Øygarden. Ønskjer at kommunen legg til rette med tomt for utleigeleilegheiter for eldre nær Tednabakkane. Innspelet peikar også på at fritidsformålet i Svanevågen må vidareførast.	Arealdelen tek ikkje for seg sjølvteutviklinga av helsetilbod, men vi skal sikra areal til både offentlege tenester og bustader. Det vil vera mogleg å gi konkrete arealinnspelet i tida 23. januar til 8. mars.
Anonym, Survey-innspelet nr. 43		
Senterstruktur	Kommunen bør ha eit breiare fokus enn berre Straume. Sentera bør utvidast, dei må bli større	Kommunen må følgja statlege føringar, som er tydelege på at vi skal bygga innanfrå og ut, med

	og fleire. I utvikling av sentera må innbyggjarane i områda rundt sentera inkluderast. Idrett og fysisk aktivitet er veldig viktig, utviklinga må ikkje begrensa ønskjer, forslag og idear om å skapa aktivitet.	hovudvekt på utbygging i sentera. Vi skal framleis finna vårt lokale handlingsrom til å utvikla heile kommunen, men det må byggast tettare i sentera enn i resten av kommunen.
Strandsona	Det bør vera rom for mildare tolking av strandsona i område der det allereie er bygd.	Forvaltning av strandsona skal arbeidast vidare med når vi fastset arealbruk i den nye planen. I utgangspunktet er det byggeforbod i strandsona, men vi skal søke å finne det lokale handlingsrommet som dei statlege føringane tillèt.
Proessen	Bør leggja til rette for fleire møter i bygdene der innbyggjarar blir invitert, ikkje berre næringslivet.	Kommunen har hatt opne møte i 3 kommunedelsenter, 7 lokalsenter og på Straume. I samband med at det vert opna for arealinnspel vert det følgjande kontordagar på innbyggartorga og biblioteka: <ul style="list-style-type: none"> ○ Skogsskiftet, torsdag 29.01 kl. 12-18.00 ○ Straume, tysdag 03.02. kl. 12-18.00 ○ Rong, torsdag 05.02. kl. 12-18.00 ○ Eigen kontordag retta mot næringslivet på Straume torsdag 12.02. kl. 10-16
Andreas Schei, Survey-innspel nr. 44		
Utmarksgrensa	Ønskjer å endra strategi og definisjon av utmarksgrense for at det ikkje skal vera til hinder for verdiskaping og landbruk, nye byggeformål og LNF-spreidd. Meiner utmarksgrensa er i konflikt med landbruksdrift, særleg for skogbruk. Tidlegare beitemarker gror att, og kommunen må leggja til rette for rydding av uønska vegetasjon. Meiner det er tilstrekkeleg at bygging er	Utmarksgrensa er satt for å ivareta dei stor naturområda, som i hovudsak er kystlynghei. For å halda kystlyngheine i hevd er vi avhengig av beite, og landbruk og beite er derfor heilt sjølvsgt aktivitet som vi framleis skal ha, også der vi har fastsett utmarksgrensa.

	søknadspliktig, og at det ikkje er behov for å bandlegga private eigedommar for å ta vare på natur.	
Senterstruktur	Foreslår å endra frå at sentrumskjernane skal byggast innanfrå og ut, til at sentrumskjernane og utkant av sentera kan byggast parallelt.	Kommunen må følgja statlege føringar, som er tydelege på at vi skal bygga innanfrå og ut.
Strandsona	Må leggja til rette for at eigedommar som allereie har nausttomt kan bygga i etablerte naustområde.	Eksisterande naustmiljø er allereie løfta fram som noko vi skal arbeida med.
Proessen	Informasjon og involvering av grunneigarar har ikkje vore god nok. Strategiane som er på høyring, vil ha store negative konsekvensar for mange grunneigarar i kommunen.	Arbeidet er strategisk og overordna, og det vil vera mogleg å komma med konkrete arealinnspele i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Bente Våge, Survey-innspele nr. 47		
Arealinnspele	Ønskjer endra arealformål for eigedom på Foldnes.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspele. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Anonym, Survey-innspele nr. 48		
Natur	Tap av natur og artar er irreversibelt. Vi må ha fokus på det beste for fellesskapet i vidare utvikling, ikkje berre vekst. Framfor å satsa på stadig ny utbygging bør vi ha fokus på vidareutvikling og vedlikehald av eksisterande område.	Vi tek merknadane med oss vidare i planarbeidet.
Landbruk	Vi bør leggja til rette for beredskapsdyrking, og sikra gode vilkår for bønder og jordbruk. Vi må verna jordbruksareala som er att i Øygarden.	

Næring	Det er nok regulert areal til næring i kommunen. Nye næringar må vera eit alternativ til olje og gass, men må ikkje gå ut over natur og økosystem.	
Transport	Vi treng eit betre kollektivtilbod for å redusera bilkø, utslepp og slitasje. Transport er ei utfordring, særleg om vi skal leva og bu i heile kommunen.	
Demografi	Fleire eldre og færre i arbeidsfør alder gir utfordringar. Tenester og servicetilbod bør leggst til kommunesenter og -delsenter. Fleire innbyggjarar gir ikkje automatisk betre kommuneøkonomi, men aukar behovet for tenester. Å ta imot flyktningar handlar om solidaritet for andre i krisesituasjonar. God integrering kan gi auka arbeidskraft for framtida.	Arealdelen tek ikkje for seg sjølvteutviklinga, men det er viktig å sjå til den demografiske utviklinga vidare i planarbeidet.
Strandsone	Vi må skilja mellom naust til kystfiskekultur og naust brukt som hytter.	Forvaltning av strandsona skal arbeidast vidare med når vi fastset arealbruk i den nye planen.
Inge og Inger Johanne Ekerhovd, Survey-innspel nr. 49		
Landbruk	Utmarka i Øygarden kommune er ein grunnleggjande ressurs for landbruket, både som beiteområde, for skogsdrift og annan landbruksrelatert verksemd. Ei omdisponering av utmark til friluftsområde vil føre til vesentlege restriksjonar på bruk, og dermed få store konsekvensar for drifta slik ho er i dag. Samstundes vil dette monaleg avgrense handlingsrommet for framtidig utvikling av drifta.	Utmarksgrense og friluftssinteresser vil ikkje avgrense vidare gardsdrift. Kommunen har strategi for at vi skal sette av landbruksjord til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). Vi har utarbeida eit kunnskapsgrunnlag som viser kor vi har viktige verdier. Desse verdiane er vist i ulike kart. Eitt av karta viser kva for område i kommunen vi finn viktige friluftssinteresser. Det betyr ikkje at arealbruken er endra til friluftsføremål. Vi

	Vi vil understreke behovet for at kommunen finn betre løysingar for å ivareta både friluftssinteresser og landbruksdrift, til dømes gjennom differensierte LNF-formål og klare retningslinjer som ikkje svekkjer landbruket sine moglegheiter.	vurderer arealbruken fram mot sluttbehandling av arealdelen i 2027. Det vil vera mogleg å gi konkrete arealinnspele i tida 23. januar til 8. mars, også dersom ein vil vidareføra dagens arealformål.
Oddvar Foldnes, Survey-innspele nr. 51		
Utmarksgrensa	Er kritisk til at arealbruken for Foldnes ikkje vart ordentleg gjennomført i gjeldande arealdel. Ønskjer ikkje utmarksgrense, eller at utmarka på Foldnes vest skal vera friområde for den store utbygginga på Straume og Bildøyna.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda.
Bernt Breivik, Survey-innspele nr. 52		
Næringsutvikling	Er positiv til at planprogrammet legg vekt på ei meir berekraftig utvikling, og viser til eit ønskje om å driva med reiseliv.	Vi tek merknadane med oss vidare i planarbeidet. Det vil vera mogleg å gi konkrete arealinnspele i tida 23. januar til 8. mars.
Reidar Vik, Survey-innspele nr. 53		
Prosess, strandsone, natur	Har innspele til generelle prosessar og kommunikasjon ut frå kommunen, tenesteutvikling og arbeidsplassar. Er også oppteken av tilgang til sjø og tilrettelegging her, ta vare på natur og få på plass park og uteområde.	Vi tek merknadane med oss vidare i planarbeidet.
Trond Kåre Angeltveit, Survey-innspele nr. 54		
Arealinnspele	Ønskjer at bustadformål i gjeldande arealdel vert vidareført på Angeltveit.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspele. Innsendar vil få oppmoding om å

		senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Jostein Sangolt, Survey-innspel nr. 55		
Senterstruktur	Har innspel om Skålvika som lokalsenter.	Både i arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen, og til planprogrammet som no har vore på høyring har det vore utfordrande å finna eit tydeleg sentrumspunkt for eit eventuelt lokalsenter for vestsida, hovudsakleg fordi funksjonane ligg relativt spreidd. Skålevik har vore vurdert som sentrumspunkt, men ikkje møtt kriteria for samla funksjonar, tettleik av busette og utviklingspotensiale.
Proessen	Har elles innspel til kva som er gode og dårlege prosessar i kommunen og peikar på fleire område i kommunen som kan utviklast på ein betre måte gjennom tenester, emn også å knyta buområde og senter saman.	Ved forslag til konkret utvikling av gangveggar og gode koplingar kan det sendast digitale kartinnspel om dette i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Magnus Torvik, Survey-innspel nr. 56		
Senterstruktur	Har innspel om Knarrvika som lokalsenter.	Arbeidet med både samfunnsdelen til kommuneplanen og planprogrammet til ny arealdel viser at det er utfordrande å finna eit tydeleg sentrumspunkt for Knarrvika. Dermed vert det vanskeleg å definera ei sentrumskjerne der vi innanfor ein gangbar avstand skal kunna samla funksjonar, tettleik av busette og utviklingspotensiale.
Arealinnspel	Ønskjer areal til fellesnaust.	Det vil vera mogleg å gi konkrete arealinnspele om fellesnaust i tida 23. januar til 8. mars.
Anonym, Survey-innspel nr. 57		

Proessen	Er positiv til kartlegging av verdiar, men at konsekvensane av strategiane ikkje kjem tydeleg nok fram. Er bekymra for at den nye arealdelen vil gjera at vi alltid seier nei til nye tiltak.	Vi tek merknadane med oss vidare i planarbeidet.
Bustadutvikling	Det bør opnast for lågblokker og mindre leilegheitsbygg i bygdene.	Strategiane er tydeleg på at det kan byggast leilegheiter i bygdene, men at dette må skje gjennom andre bygningstypar enn blokker.
Anonym, Survey-innspel nr. 58		
Senterstruktur	Vidareføra Ulveset/Møvika som lokalsenter. Ev slå saman Fjell og Ulveset.	Målet med lokalsenter er å kunna identifisera eit sentrumspunkt, der vi innanfor ein gangbar avstand skal kunna samla funksjonar, tettleik av busette og utviklingspotensiale i ei sentrumskjerne. Arbeidet med både samfunnsdelen til kommuneplanen og planprogrammet til ny arealdel viser at det er utfordrande å finna eit tydeleg sentrumspunkt for på vestsida. Dermed vert det også vanskeleg å definera ei sentrumskjerne.
Steinar Sandvik, jp-nr. 25/257258-4 Reidar Sangolt, jp-nr. 25/257258-5 Ingvild Sangolt Hammersland, jp-nr. 25/257258-16 Mikal Hammersland, jp-nr. 25/257258-17 Helene Glesnes Sangolt, jp-nr. 25/257258-24 Helene Hammersland, jp-nr. 25/257258-35 Frank Turøy, jp-nr. 25/257258-50 Erik Sangolt, jp-nr. 25/257258-51 Eva Helen Methlie Sangolt, jp-nr. 25/257258-55 Anlaug Sangolt, jp-nr. 25/257258-57 Ole Martin Straume, jp-nr. 25/257258-59 Björg Sørhage og Wenche Hjelle, jp-nr. 25/257258-66		

Tore Rokkones og Elly Rokkones, jp-nr. [25/257258-68](#)
Anne Sangolt, jp-nr. [25/257258-70](#)
Lotte Søvik, jp-nr. [25/257258-73](#)
Bjarte Søvik, jp-nr. [25/257258-74](#)
Niklas Søvik, jp-nr. [25/257258-75](#)
Lisa Kristina Methlie Sangolt, jp-nr. [25/257258-76](#)
Erik Sangolt, jp-nr. [25/257258-78](#)
Johnny Straume, John Andre Straume og Ole Martin Straume, jp-nr. [25/257258-95](#)

Lokalsenter	Skålevik bør vera lokalsenter for vestsida. Ny skule saman med etablerte bedrifter, idrettsanlegg og private barnehagar gjer Skålevik til eit sentralt midtpunkt og attraktiv møteplass. Stort potensiale for utbygging og vidare utvikling. Parallellar til Spildepollen som vart utvikla som eit nytt lokalsenter i gamle Sund, og som samla fleire bygder med ny skule og idrettsanlegg rundt eksisterande butikk.	<p>Både i arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen, og til planprogrammet som no har vore på høyring har det vore utfordrande å finna eit tydeleg sentrumspunkt for eit eventuelt lokalsenter for vestsida, hovudsakleg fordi funksjonane ligg relativt spreidd. Skålevik har vore vurdert som sentrumspunkt, men ikkje møtt kriteria for samla funksjonar, tettleik av busette og utviklingspotensiale.</p> <p>Fleire av innspela peikar på konkrete eigedommar. Vi vil oppmoda om å senda desse digitalt når vi opnar for arealinnspeil i perioden 23. januar – 8. mars 2026.</p>
-------------	---	---

Liv Paulsen Rong, jp-nr. [25/257258-8](#)

Senterstruktur	Framtidig utvikling i Øygarden må ha fokus på å bevare naturen og sikra attraktive bygder i heile kommunen. Må oppleve at kommunen er interessert i at det framleis skal bu folk i utkantane. Det er viktig å styrka kommunedelsentera med tenester, møteplassar og fritidstilbod. Her bør kommunen leggja til rette for fleire tenester og kommunale arbeidsplassar. Ønskjer ein klar definisjon av kommunedelsenter.	Samfunnsdelen legg vekt på at Øygarden skal vera ein god stad å bu, både i sentera og i bygdene. Arealdelen løyser ikkje tenesteutviklinga, men samfunnsdelen har ein definisjon av kva kommunedelsentera skal vera.
Strandsona	Tilgang til strandsona med fellestiltak som kaiar og brygger er viktig.	Vi tar gjerne imot innspel på område som eignar seg for fellestiltak når vi opnar for arealinnspele i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Næring	Innspelet peikar på ein viktig balanse i utviklinga av kommunen. Nord i kommunen har vi næringar som er viktige både for kommunen og i eit nasjonalt perspektiv, men industriutviklinga i denne delen av kommunen er ei belastning for lokalmiljøet.	Planprogrammet legg vekt på å ta vare på naturen og viktige verdiar, men vi har også fleire målkonfliktar mellom verdiar og utvikling som vi må balansera. Vi forstår at det å få store næringar tett på lokalmiljøet vert opplevd som belastande. I planprogrammet har vi lagt vekt særleg vekt på omsynet til lokalmiljøet i utteikning av utmarksgrensa rundt Blomøy.
Sverre Lorentz Bungum, jp-nr 25/27258-20		

Senterstruktur	Spør korleis vi kan ta heile kommunen i bruk når store grender og tettstader vert halden utanfor kommunal satsing, når det vert eit mål i seg sjølv å avgrense aktivitetar i desse bygdene. Det er små avstandar mellom grendene i Sund, og store planar for kommunedelsenteret Skogsskiftet. Ønskjer å ta ut lokalsentera frå arealdelen, og heller satsa på å realisera planane for kommunedelsenteret, slik at bygdene får same vilkår for vekst og utvikling.	Vi ønskjer aktive og levande bygder og lokalsamfunn i heile kommunen. Det er ikkje noko mål å avgrensa aktiviteten i bygdene, men vi må prioritera kor vi legg til rette for sentrumskjerner der vi kan skapa kompakte bustad- og tenesteområde innanfor gangbar avstand. Samfunnsdelen legg vekt på at den kommunale innsatsen og hovudvekta av tenestetilbodet vert lagt til kommunedelsentera, i tråd med innspelet. Samstundes set samfunnsdelen fokus på at flest mogleg skal kunna nå kvardagstenester innanfor gå- og sykkelavstand. Vi tek merknadane med oss i det vidare planarbeidet.
<p>Jarl Steinar Breivik, jp-nr. 25/257258-9 Berit Karin Hammersland, jp-nr. 25/257258-10 Terje Singdahlsen, jp-nr. 25/257258-11 Svein Olaf Toft, jp-nr. 25/257258-12 Magne Lie, jp-nr. 25/257258-13 Svein Tore Solvsik, jp-nr. 25/257258-14 Bård Hansen, jp-nr. 25/257258-15 Gunnar Knutsen Jordal, jp-nr. 25/257258-18 Britt Høyland, jp-nr. 25/257258-21 Ron Overdevest, jp-nr. 25/257258-37 Nils Kåre Foldnes, survey-innspel nr. 26</p>		
Vindkraft	Vindkraft har negative konsekvensar for natur og miljø, folkehelse og lokalsamfunn. Øygarden kommune må fatta eit prinsippvedtak om nei til vindkraft. Foreslår følgjande formulering: <i>Øygarden vil ikkje setja av areal til vindkraftindustri i kommunen. Øygarden kommune vil ikkje seie ja til oppstart av</i>	Vindkraft og areal til energi er ikkje eit tema i planprogrammet, og det ligg ingen føringar om at vi skal arbeida vidare med temaet eller finna areal til vindkraftverk. Planprogrammet har derimot fokus på at vi skal ta vare på natur, særleg der vi har større og

	<i>planinitiativ, områdeplan eller oppstart av konsekvensutgreiing som gjeld vindkraft i Øygarden kommune.</i>	samanhengane naturområde som vi bør bevara for framtida. Kommunar som vurderer vindkraft eller ønskjer å ta stilling til dette, bør løfta temaet opp i arbeidet med samfunnsdelen. Eventuelt kan kommunar ta standpunkt til vindkraft gjennom eit prinsippvedtak, men dette bør då gjerast gjennom eit enkeltvedtak ut i frå eigen drøftingar.
Karstein Oen og Roar Oen , jp-nr. 25/257258-30		
Næringsutvikling	Konkrete og nyttige strategiar som legg viktige føringar. Koplinga mellom friluftsliv, kystkultur og overnattingsplassar er relevant. Peikar på eit konkret område Ovågen der denne koplinga er aktuell, dersom ein får etablert eit overnattingstilbod.	Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Rolv Sandra Rougnø , jp-nr. 25/257258-48		
Småbåthamn/overnatting	Innspel om kor det kan eigna seg å etablere overnattingstilbod i tilknytning til småbåthamn.	Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Eli Helene Toft Smidt og Tore Johan Smidt, jp-nr. 25/257258-52		
Strandsone	Ønskjer endra arealformål for eigedommen. Er ueinig i kunnskapsgrunnlaget.	Kunnskapsgrunnlaget som vert vist til i innspelet er ei overordna kartlegging av heile kommunen. Kunnskapsgrunnlaget vurderer ikkje kvar enkelt eigedom, men viser at det er viktige verdiar innanfor større område, som vi må ta vare på for framtida. Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.

Rune Titlestad, jp-nr. 25/257258-63 Survey-innspel nr. 12		
Leva og bu i heile kommunen.	Det er viktig å leggja til rette for vekst og utvikling i heile kommunen. Særleg i nord og sør må kommunen arbeida for å oppretthalda bygdene. Betre kollektivtransport (inkl. ferjer), fleire tenester og tilrettelegging for reiseliv og friluftsliv er viktig for å få dette til. Utbygging av industri fører til nedbygging av natur, og det vert peika på målkonfliktar mellom industri (inkl. havvind), og natur, reiseliv, bygdeutvikling og tryggleik. Særleg Blomøy og Oøy toler ikkje meir nedbygging av natur, her bør vi heller satsa på bygdeutvikling, friluftsliv og småskala turisme. Det er behov for å setta av idrettsformål, særleg på Bildøy. Innsendar etterspør tydelegare fokus på avbøtande tiltak i planprogrammet. Dialogmøter er viktig for å få til ein god prosess.	Planprogrammet legg vekt på å ta vare på naturen og viktige verdiar, men vi har også fleire målkonfliktar mellom verdiar og utvikling som vi må balansera. Vi forstår at det å få store næringar tett på lokalmiljøet vert opplevd som belastande. I planprogrammet har vi lagt vekt særleg vekt på omsynet til lokalmiljøet i utteikning av utmarksgrensa rundt Blomøy.
Johnny Anders Straume, jp-nr. 25/257258-69		
Straume	Ønskjer endra arealformål for eigedommen.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspelet. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Mona Stølen, jp-nr. 25/257258-77		
Landbruk	Er ueinig i kunnskapsgrunnlaget, meiner det fleire stader på Hernar ikkje er dyrkbar jord, og at det aldri har vore brukt til jordbruksformål.	Kunnskapsgrunnlaget tek utgangspunkt i det offentlege arealressurskartet, og tek ikkje omsyn til om arealet er/har vore i drift eller ikkje.
Gerhard Inge Storebø, jp-nr. 25/257258-79		

Kunnskapsgrunnlaget	Er ueinig i kunnskapsgrunnlaget – særleg avgrensingar for delområde 10 må kvalitetssikrast.	Kunnskapsgrunnlaget det vert vist til er truleg landskapsanalysen, som seier noko om overordna landskapstrekk i ulike område av kommunen. Inndelinga i ulike landskapsområde er ikkje gjort ut i frå etablerte bygder/greider, men ut i frå område som har same karaktertrekk.
Strandsona	Eksisterande småbåtanlegg må kunna utviklast, og det må gjerast ei vurdering av lokale behov.	Dette er noko vi vil arbeida vidare med når vi utarbeider sjølve arealdelen.
Magnar Audun Nesse, jp-nr. 25/257258-82		
Utmarksgrense	Ønskjer at utmarksgrensa vert lagt utanfor heile eigedommen på Kleppe, og at heile eigedommen vert definert som innanfor lokalsenteret. Ønskjer å utvikla eigedomen, noko som vil krevja endring av arealformål på deler av eigedommen.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda. Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspele. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Arealinnspele	Ønskjer endra arealbruk for eigedom på Vorland.	Ønsket om endra arealbruk for eigedommen er eit arealinnspele. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Elin Askeland, jp-nr. 25/257258-83 Caspar Christie, jp-nr. 25/257258-87		

Vindkraft	Vi må setta naturen først. Eksisterande næringsareal må vera fullt utnytta før vi vurderer nye næringsparkar. Kommunen bør fatta prinsippvedtak mot vindkraft.	<p>Vindkraft og areal til energi er ikkje eit tema i planprogrammet, og det ligg ingen føringar om at vi skal arbeida vidare med temaet eller finna areal til vindkraftverk.</p> <p>Planprogrammet har derimot fokus på at vi skal ta vare på natur, særleg der vi har større og samanhengane naturområde som vi bør bevara for framtida.</p> <p>Kommunar som vurderer vindkraft eller ønskjer å ta stilling til dette, bør løfta temaet opp i arbeidet med samfunnsdelen. Eventuelt kan kommunar ta standpunkt til vindkraft gjennom eit prinsippvedtak, men dette bør då gjerast gjennom eit enkeltvedtak ut i frå eigen drøftingar.</p>
Fredrik Mortensen, jp-nr. 25/257258-89		
Kunnskapsgrunnlaget	Fleire av lenkjene fungerer ikkje i dei digitale dokumenta. Etterspør kartportal med ulike kartlag der ein kan sjå grensene, og utskriftsvenlege PDF-kart. Meiner lanskapsanalysen er mangelfull og lite konsekvent i vurderinga, og at rapporten ikkje kan få innverknad på arealforvaltning av bygdene, særleg Glesvær og Telavåg, som har fått altfor høg verdi. Føreset at det vil vera mogleg å koma med innspel til ulike arealformål når planen kjem på høyring.	<p>Dersom lenkene ikkje har fungert på eit tidspunkt, er det sjølv sagt veldig synd. Det er riktig at vi ikkje har lagt til rette for utskrift av pdf-kart, men vil understreka at dei ulike karta er strategiske og overordna. Dei vurderer ikkje eigedommar, men fortel kor i kommunen vi kan finna viktige verdiar som vi må ta vare på for framtida.</p> <p>Landskapsanalysen er ei overordna analyse av landskapstrekk i ulike delar av Øygarden. I rapporten er kommunen delt inn i ulike område som har liknande landskapsuttrykk. Analysen fastset ikkje arealbruken, men er eitt av fleire tema det er utarbeida kunnskapsrapportar om, som samla vert</p>

		<p>brukt som vurderingsgrunnlag når vi fastset arealbruken seinare i prosessen.</p> <p>At Glesvær og Telavåg har fått svært høg verdi handlar mykje om den kulturhistoriske verdien desse bygdene har. Det inneber at vi må ta omsyn til landskapsuttrykket og historia i den vidare utviklinga.</p> <p>Når planprogrammet vert vedteken i januar 2026 vert det opna for innspel om eventuell endra bruk av konkrete areal. Vi vil vurdera å endra arealbruken der innspelet er i tråd med strategiane i planprogrammet.</p> <p>Utkast til plankart med konkret arealbruk som bustad og næringsformål vert lagt på høyring og offentleg ettersyn hausten 2026, saman med føresegner og planskildring.</p>
--	--	---

2. Innspel frå lag og organisasjonar

Tema	Innspel	Kommentar/merknad
Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), journalpostnummer 25/27258-25		
Friluftsområde	BOF føreslår at offentlege friluftsområde, som dei 36 i BOF sin portefølje, bør ha arealføremålet «friområde» som er den mest presise definisjonen. Dei legg til at «ro- og	Ikkje tatt til følge. Innspelet er vurdert, men gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet.

	padleled» bør få ein plass/avsnitt i planprogrammet.	
<p>Nordre Foldnesvågen Vel v/Ingrid Samdal Skeie, journalpostnummer 25/27258-33 Nordre Foldnesvågen Vel v/Jan Kristian Hilleren, journalpostnummer 25/27258-34 Nordre Foldnesvågen Vel v/Jan Kristian Hilleren og Ingrid Samdal Skeie, Survey123-nr. 39</p>		
Interesse hytteeigarar.	<p>Eksisterande hytter, fritidsbustader samt naustområde i Nordre Foldnesvågen må tas vare på i strategiar og vidare arbeid med arealdelen. Ønskjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> - å korrigere grensa for funksjonell strandsoner i Nordre Foldnesvågen. - at hytteområde med naust og kaier ut i sjø, i Nordre Foldnesvågen vert regulert til primært fritidsbustader med naust og kaianlegg i sjø, eller sekundært LNF fritidsbustad spreidd. <p>Regulera om noverande LNF-formål til hytte-/fritidsbustad og naustformål. Kart med forslag til endringar er lagt ved.</p>	<p>Kunnskapsgrunnlaget (bl.a. strandsonerkartlegginga) som vert vist til i innspelet er ei overordna kartlegging av heile kommunen. Kunnskapsgrunnlaget vurderer ikkje kvar enkelt eigedom, men viser at det er viktige verdiar innanfor større område, som vi må ta vare på for framtida.</p> <p>Deler av innspelet er vurdert som arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.</p>
<p>Naustforeininga Nytt i Naust, journalpostnummer 25/27258-47</p>		
Leva å bu i heile kommunen/Strandsona	<p>Gamle nausta må få ny bruk.</p> <p>Den vedtekne samfunnsplanen har klare føringar for bruk av gamle bygg, og at denne føringa også må gjelda for gamle naust. Dette må koma tydeleg fram i planprogrammet.</p>	<p>Tatt til orientering. Innspelet inneheld relevant informasjon, men medfører ikkje endring i planprogrammet.</p>

Vik Grendalag v/Ronny Nottveit, journalpostnummer 25/27258-53		
<p>Behalda Toftøy som lokalsenter.</p> <p>Kunnskapsgrunnlag</p>	<p>Toftøy som lokalsenter bør tas inn igjen. Å ta lokalsenteret ut er i konflikt med nærtneestepriinsippet frå samfunnsdelen til kommuneplanen.</p> <p>Stiller også spørsmål ved registrert jordkvalitet på Toftøy, som per no vil vera til hinder for å realisera LNF-spreidd som føremål.</p>	<p>Arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen og planprogrammet til ny arealdel har vist at det er vanskeleg å definera ei sentrumskjerne/-punkt på Toftøy (jf. metodeskildring). Jf. planprogrammet minna vi om at Toftøy, Vik og Torsvik fortsett vil vera eigne bu- og lokalmiljø på Toftøy.</p> <p>Når det gjeld innspel om jordkvalitet på Toftøy, gjer vi merksam på at kunnskapsgrunnlaget og det offentlege arealressurs kartet ligg til grunn for planprogrammet. Vi har ikkje vurdert kvalitetar på kvar enkelt eigedom, men viser på eit strategisk og overordna nivå at det er viktige verdiar innanfor større område, som vi må ta vare på fram i tid.</p>
Rong Grendalag v/Torbjørn Andersen, journalpostnummer 25/27258-54		
<p>Kommunedelsenter/Leva å bu i heile kommunen</p>	<p>Oppmoding om at kommunedelplanen (KDP) for Rongøy og sentrumsplan for Rong ikkje vert oppheva, men vidareført. Meina at strategikartet for Rong til dels er i konflikt med sentrums- og kommunedelplan. Meiner sentrumskjernen kan trekkast sør for Arseta.</p> <p>Opparbeida tomt (238/45) til møtestad og overta leikeapparat frå Terna barnehage.</p> <p>Tenestetilbod innan helse, omsorg bibliotek mm. i kommunedelsenteret Rong må oppretthaldast.</p>	<p>Områdeplan for Rong sentrum blir vidareført. KDP for Rongøy 2018 vil bli oppheva, men det blir gjort ei vurdering av kva for føringar og satsingar i KDP-Rongøy som likevel skal vidareført i den nye arealdelen til kommuneplan for Øygarden (KPA).</p> <p>Strategikarta for sentera i planprogrammet, inklusive Rong, er på eit overordna strategisk nivå, og vurderer ikkje arealbruken på enkelteigedomar.</p> <p>Sentrumskjernen inkluderer allereie Arseta.</p> <p>Innspel om tenestetilbod i kommunedelsentera og opparbeiding av møtestad m/leikeapparat frå Terna kan ikkje løysast i arbeidet med ny KPA.</p>

	<p>Positiv til samanhengande naturområde Ono.</p> <p>Viktig å sikra tilgang til sjø, opna for fortetting i naustmiljø og vidareføra føremål båthamn.</p>	<p>Øvrige innspel er vurdert som å gi støtte til natur- og strandsonestrategiane i planprogrammet.</p> <p>Innspelet gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet, men vi tek med oss tilbakemeldingane vidare i planarbeidet.</p>
<p>Motvind Vest, journalpostnummer 25/27258-58</p>		
<p>Vindkraft</p> <p>Ønskjer prinsipielt politisk vedtak på «Nei til å setja av areal til vindkraft i Øygarden»</p>	<p>Stadig fleire kommunar sei nei til utbygging av vindindustri fordi det blir meir og meir tydeleg at vindindustri er skadeleg for natur og folk. Viser til støy, visuell forureining, øydelegg natur, forringar kulturarv, landskap, verdien av hytter/eigedom og ulykker.</p>	<p>Vindkraft og areal til energi er ikkje eit tema i planprogrammet, og det ligg ingen føringar om at vi skal arbeida vidare med temaet eller finna areal til vindkraftverk.</p> <p>Planprogrammet har derimot fokus på at vi skal ta vare på natur, særleg der vi har større og samanhengane naturområde som vi bør bevare for framtida.</p> <p>Kommunar som vurderer vindkraft eller ønskjer å ta stilling til dette, bør løfta temaet opp i arbeidet med samfunnsdelen. Eventuelt kan kommunar ta standpunkt til vindkraft gjennom eit prinsippvedtak, men dette bør då gjerast gjennom eit enkeltvedtak ut i frå eigen drøftingar.</p>
<p>Sotra og Øygarden Bonde- og Småbrukarlag, Øygarden Sau og Geit, Øygarden og Askøy Bondelag, Survey123-nr. 7</p>		
<p>Verna om landbruksjorda</p>	<p>Landbruksorganisasjonane spelar inn følgjande ønskje om endring i strategiane for landbruk:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nullvisjon mot nedbygging av <i>overflate-</i> og <i>fulldyrka</i> jord 	<p>For å sikra at vi tek vare på landbruksjorda er ordlyden i punkt 1 i strategiane for landbruk, under næringsutvikling endra til: Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).</p>

	<ul style="list-style-type: none"> Landbruksjorda i sentera skal kunne nyttast til parsellhagar, urbant landbruk og grøntområde <i>som produserer mat.</i> <p>Forslag ny strategi:</p> <ul style="list-style-type: none"> Ved nedbygging av landbruksjord, skal tilsvarende areal kompenseras med like godt eller betre landbruksjord i tilknytning til same bruk. <p>Følgjande strategi bør forklarast nærare:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kva meinast med: «Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida»? 	I tillegg har vi presisert at registrerte område som kan dyrkast opp i framtida er dyrkbar jord i arealressurskartet (AR5): Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbar jord frå AR5).
Generelt om landbruk i Øygarden		Merknadane elles tek vi med oss vidare i planarbeidet.
Maskinentreprenørenes Forbund (MEF), region vest, Survey123-nr. 13		
Massehandtering	<p>MEF etterlyser retningslinjer som gjer det mogleg å redusera utslepp frå produksjon, behandling og transport av masser i tilknytning til bygg- og anleggsprosjekt.</p> <p>For å kunne mellomlagra massar lokalt må det setjast av tilstrekkeleg areal i kommuneplanen sin arealdel (eller i reguleringsplan) med kapasitet som er tilpassa bygge- og anleggsaktiviteten i kommunen.</p>	<p>Vi viser til klima og miljøstrategien i planprogrammet, pkt. 7 «Vi skal vurderer om det er behov for areal til deponering og gjenvinning av masser, jf. ressurspyramiden».</p> <p>Temaet vil bli drøfta lokalt og regionalt, og utdjupa i det vidare arbeid med arealdelen til kommuneplanen for Øygarden.</p> <p>Innspelet inneheld relevant informasjon, er tatt til orientering, men fører ikkje til endring i planprogrammet.</p>
Øygarden sogelag i samarbeid med nærmiljøutval Toftøy, Blomøy, Tjeldstø og Bakken, journalpostnummer 25/27258-61		

<p>Leva og bu i heile kommunen.</p>	<p>Ta vare på kulturhistoria og Øygarden sitt særpreg/identitet.</p> <p>Tilgang til sjø og naust er ein føresetnad for bygdene si utvikling. Vi må visa kva som er handlingsrommet for utvikling, heller enn hindringar.</p> <p>Viktig at kulturmiljøplanen får sin plass i arbeidet med arealdelen.</p> <p>Natur, miljø og kultur med høg eigenverdi må skjermast frå forureining, forringing og utbygging.</p> <p>Planarbeidet bør ha eit eige bygdeprogram for å hindra ulikskap i utvikling.</p> <p>Stiller spørsmål ved om grunneigarar som gruppe er godt nok involvert i prosessen?</p>	<p>Å kunna leva og bu i heile Øygarden (inklusive bygdene) er eitt av hovudtemaa i planprogrammet, der vi har fleire strategiar med intensjon om å legge til rette for utvikling. Sjå også strategiar under hovudtemaa «utvikling for framtida», «strandsona» og «næringsutvikling».</p> <p>Når det gjeld kulturmiljø vert det per no arbeidd med ein eigen strategisk kulturmiljøplan. Kunnskapsgrunnlaget vil verta innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen for Øygarden.</p> <p>Alle innbyggjarane i Øygarden, inklusive grunneigarar, har kunna gitt innspel i arbeidet med planprogrammet.</p> <p>Tatt til orientering. Innspelet inneheld relevant informasjon, men fører ikkje til endring i planprogrammet.</p>
<p>Blomøy nærmiljøutval, journalpostnummer 25/27258-62</p>		
<p>Senterstruktur.</p> <p>Leva og bu i heile kommunen – bør utvikla ein bygdestrategi</p> <p>Naturstrategien.</p>	<p>Kommundelsenteret i nord og sør må tilførast fleire offentlege tenester.</p> <p>Stimulera til utvikling utanfor sentrumsaksen Straume- Kolltveit – Ågotnes.</p> <p>Planprogrammet bør få på plass eit bygdeprogram som tydeleg viser kva som er handlingsrommet for utvikling.</p> <p>Utvikla båtforbindelse frå nord og sør i kommunen til dei omkringliggande</p>	<p>Innspel om meir tenestetilbod i kommunedelsentera kan ikkje løysast i arbeidet med ny arealdel.</p> <p>Høyringsutkast til planprogram inneheld mange strategiar for utvikling av både sentera og bygdene i Øygarden (jf. hovudtemaa «sentera i Øygarden» og «leva og bu i heile kommunen»). Det same gjeld for ulike strategiar om bustadutvikling (jf. bustadstrategien), strandsona og bruk/vern om areal for å legge til rette for næringsutvikling (av ulike typar og i heile kommunen).</p>

	<p>kommunane. Treng då areal til kai og parkering.</p> <p>Industripåverkna den i nord må kompenseras med å verna om naturen og friluftsområda som er igjen. Ta vare på naturen som er att på Blomøy og Oøy. Viktig for å kunna satsa på reiseliv.</p> <p>Ta høgde for meir bustadbygging nord for Rong.</p> <p>Legge til rette for å utvikla bygdene i eit samspel mellom sjø, hamn, næringsverksemd og fritid. Tilgang til naust og sjø er avgjerande. Også viktig for utvikling av reiseliv – Blomvåg er eigna til dette formålet.</p> <p>Parkering ved utfartsområda må sikrast.</p>	<p>Areal til offentleg sjøtransport (kai og parkering) må eventuelt handterast som konkrete initiativ- og arealinnspele når planprogrammet er endeleg vedteke (vi opnar for digitale innspele i perioden 23. januar – 8. mars 2026).</p> <p>Planprogrammet legg vekt på å ta vare på naturen og viktige verdiar, men vi har også fleire målkonfliktar mellom verdiar og utvikling som vi må balansera. Vi forstår at det å få store næringer tett på lokalmiljøet vert opplevd som belastande. I planprogrammet har vi lagt vekt særleg vekt på omsynet til lokalmiljøet i utteikning av utmarksgrensa.</p> <p>Innafor dei ulike hovudtemaa i planprogrammet finst fleire strategiar som legg til rette for næringsutvikling i bygdene; bl.a. landbruk og reiseliv basert på samspel mellom natur, friluftsområde, kulturmiljø, tilgang til sjø, overnatting mm.</p> <p>Når det gjeld tilrettelegging for reiseliv tilrår vi å sjå nærare på relevante strategiar som ligg under dei fem hovudtemaa i planprogrammet. Vi kan også informera om eit pågåande arbeid om å sertifisera Øygarden som «berekraftig reisemål». Det vil også bli invitert til samling for interesserte/ potensielle reiselivsaktørar 11. mars 2026.</p> <p>Spesifikke område/areal som eignar seg til turistformål/utvikla reiseliv må eventuelt spelast inn som konkrete arealinnspele når planprogrammet er</p>
--	---	--

		<p>endeleg vedteke (vi opnar for digitale innspel i perioden 23. januar – 8. mars 2026).</p> <p>Tatt til orientering. Innspelet inneheld relevant informasjon, men fører ikkje til endring i planprogrammet.</p>
<p>Hengjos venner, journalpostnummer 25/27258-67</p>		
	<p>Legge til rette for å utvikla bygdene i eit samspel mellom sjø, hamn, næringsverksemd og fritid. Tilgang til naust og sjø er avgjerande.</p> <p>Oppretthalda naturområda og kulturmiljøplanen må få sin plass. Natur, miljø og kultur med høg eigenverdi må skjermast frå forureining og forringing.</p> <p>Grunneigarar som gruppe har ikkje vore godt nok involvert i prosessen. Ønskjer at kommunen har fokus på service og rettleiing.</p>	<p>Innafor dei ulike hovudtemaa i planprogrammet finst fleire strategiar som legg til rette for næringsutvikling i bygdene; bl.a. landbruk og reiseliv basert på samspel mellom natur, friluftsområde, kulturmiljø, tilgang til sjø, overnatting mm. Når det gjeld tilrettelegging for reiseliv viser vi til fleire strategiar under dei fem hovudtema i planprogrammet, pågåande arbeid med å sertifisera Øygarden som «berekraftig reisemål» og at det vil bli invitert til samling for interesserte/potensielle reiselivsaktørar 11. mars 2026.</p> <p>Planprogrammet inneheld mange strategiar om å ta vare på viktig natur, naturmangfald, myr, landskap, friluftsområde, strandsona mm. Når det gjeld kulturmiljø, arbeider kommunen per no med ein ny og oppdatert kulturmiljøplan. Kunnskap frå planarbeidet vil verta innarbeidd i ny arealdel til kommuneplan for Øygarden.</p> <p>Tatt til orientering. Innspelet inneheld relevant informasjon, men fører ikkje til endring i planprogrammet.</p>
<p>Naturvernforbundet, journalpostnummer 25/27258-80</p>		

<p><i>Naturstrategi</i></p>	<p>For å unngå forbruk og nedbygging av natur bør det definerast ein klar strategi som sikrar berekraftig arealforvaltning, meir effektiv arealbruk og redusert naturtap. Viser til «Kunming–Montreal-avtalen», der Norge har forplikta seg til å bevare minst 30 % av naturen både på land og i sjø innan 2030. Korleis er dette reflektert i strategiane?</p> <p>Det bør vera ein strategi som slår fast at utbygging som kjem i konflikt med trua og raudeliste artar skal unngåast.</p>	<p>I samsvar med bl.a. «Kunming–Montreal-avtalen», har arbeidet med kunnskapsgrunnlag til planprogrammet sett fokus på «verdiar vi skal ta vare på» i Øygarden, der i blant viktig natur. Vi viser til naturstrategien, strategi for utmarksgrense, og strategiar om landskap, lynghei, friluftsområde, strandsone, naturtypar vi skal ta vare på mm.</p> <p>Når det gjeld «raudelista artar», er problemstillinga allereie handtert som eigen strategi i planprogrammet.</p>
<p>Natur i sjø</p>	<p>Planprogrammet bør innehalda betre kunnskapsgrunnlag og tydelege strategiar for å ta vare på marine økosystem og naturtypar. Foreslår å ta inn følgjande strategiar:</p> <p>«Nye tiltak i sjø skal ikke tillates der det finnes marine verdier i kategoriene viktig, svært viktig og lokalt viktig, med mindre helt særlige hensyn gjør det nødvendig».</p> <p>«Alle vassområde i kommunen skal oppnå god miljøtilstand, i tråd med vassforskrifta og nasjonale miljømål».</p> <p>Planprogrammet bør inkludera ein strategi for/vidareføra verneområde for hummar.</p> <p><i>Strategiar - Havbruk og planlegging i sjø:</i> Havbruk har stor økonomisk betydning, men representerer store utfordringar knytt til</p>	<p>Naturvernforbundet, saman med andre interessentar, peikar på gode og relevante problemstillingar, som behov for meir kunnskap om marine økosystem, for å betre kunna vurdere næringsutvikling i sjø. Strategiane har som mål å visa korleis kommunen kan skapa rammer og leggja til rette for at næringa kan ta gode vegval for utviklinga vidare, med mål om betre fiskehelse og mindre miljøpåverknadar.</p> <p>Strategiane krev at vi arbeider vidare med temaet i arealdelen. Gode løysingar for utvikling av akvakultur er avhengig av tydlegare statlege føringar og dialog med næringa.</p> <p>Det blir føreslått følgjande endring i strategiar – Havbruk og planlegging i sjø:</p> <p>Punkt 1 under kriteria for å leggja inn nye akvakulturformål, eller vidareføra eksisterande</p>

	<p>miljøpåverknad, dyrevelferd og truslar mot ville arter. Difor bør planprogrammet innehalda strategiar for meir berekraftig havbruk og styrka dyrevelferd.</p>	<p>formål, heilt eller delvis, er foreslått konkretisert med følgjande ordlyd: Utviklinga skal ikkje vera i konflikt med marint naturmangfald, fiskeriinteresser, skipsfart, friluftsliv, landskap, og skal vurderast opp i mot nærliggande bustadmiljø. Kriteria vert utvida til å også gjelda råstoffutvinning.</p>
Natur og næringsutvikling	<p><i>En ansvarleg strategi for næringsutvikling i Øygarden må slå fast at kommunen skal samarbeide regionalt, sikra berekraftig arealbruk og prioritere løysningar som gir størst samfunnsnytte – ikkje kortsiktig konkurranse.</i></p> <p>Det må setjast tydeleg mål og strategiar for å sikra at ikkje heile naturen i nordre Øygarden vert bygd ned jf. Energiparken, Kollsnes, atomkraftverk mm.</p>	<p>Innspel om «ansvarleg næringsutvikling» er tatt til orientering.</p> <p>Når det gjeld «naturen nord i kommunen», viser vi til at strategiane i planprogrammet legg vekt på å ta vare på naturen og viktige verdiar i heile Øygarden. Samstundes finst fleire målkonfliktar mellom verdiar og utvikling som vi må balansera. Å få store næringar tett på, forstår vi er opplevd som belastande. I planprogrammet har vi difor lagt særleg vekt på omsynet til lokalmiljøet i utteikning av utmarksgrensa.</p> <p>Innspelet gir ikkje grunnlag for endring i planprogrammet, men vi tek med oss tilbakemeldingane i det vidare arbeidet med planen.</p>
Landbruk	<p><i>Strategi for landbruk bør gjerast meir konkret. Landbruksjord på ein gard skal ikkje delast opp eller byggjast ned. Landbruksstrategi i planprogrammet må omfatta all landbruksjord, ikkje berre fulldyrka jord, men også innmarksbeite og utmarksbeite.</i></p>	<p>Med bakgrunn i tidlegare drøftingar og tilbakemeldingar i høyringsperioden, foreslår vi å endra ordlyden i punkt 1 i strategiane for landbruk, under næringsutvikling til: Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).</p>

	<p>Planprogrammet legg til rette for LNF-spreidd i bygdene; dette bør avgrensast sterkare mot dyrka jord og karbonrike areal, med tydelegare kriteria for fortetting i allereie utbygde område, framfor nye LNF-spreidde byggeområder. KU må få fram korleis kommunen skal løyse problemet med fortetting i bygdene og LNF spreidd.</p>	<p>I tillegg vert det i punkt 3 i strategiane for landbruk, under næringsutvikling presisert at registrerte område som kan dyrkast opp i framtida er dyrkbar jord i arealressurskartet (AR5): Vi skal ta vare på registrerte område som kan dyrkast opp i framtida (dyrkbar jord frå AR5).</p> <p>Når det gjeld LNF-spreidd, vert dette utdjupa i vidare arbeid med arealdelen, med nullvisjonen som bakgrunn.</p>
<p>Senterstruktur</p>	<p><i>Kommune- og regionsenteret Straume og Nordre Bildøyna:</i> Det verkar som Bildøyna ikkje skal utviklast som eller vera del av kommune- og regionsenteret Straume. Jf. Senterutstrekning og strategikart for indre og ytre del?</p> <p>Det er viktig å ta vare på urørt natur og grøne strukturar i området, jf. folkehelse, friluftsliv og livskvalitet.</p>	<p>Jf. planprogrammet skal Bildøyna «vera ei naturleg vidareutvikling og sjøvending (av kommune- og regionsenteret Straume) med sentrumsfunksjonar og bustadar.</p> <p>Strategiar for blågrøne strukturar, mfl., har som intensjon å ta vare på (og tilføra) grøne lommer og natur i kommunesenteret. Vi viser også til naturstrategien og forslag til utmarksgrense.</p> <p>Vi tek innspelet med oss vidare i arbeidet.</p>
	<p>Planprogrammet inneheld viktige vurderingar knytt til overvatn, havnivåstigning og ROS. Det er òg positivt at planprogrammet løfter frem klimatilpassing som tema, men det er behov for ein tydeleg <i>strategi for reduksjon av klimagassutslepp</i>. Vi tilrår å løfta dette tydelegare inn i strategiane. Døme kan vera strategiar knytt til sirkulærøkonomi og økosystembaserte tiltak (så som bevaring</p>	<p>Innspelet om sirkulærøkonomi og klimagassutslepp er relevante, men kan ikkje aleine løysast i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen. Til orientering blir det per no arbeidd med ein eigen strategisk klimaplan for Øygarden.</p> <p>Strategiar for økosystembasert tiltak ligg allereie i planprogrammet.</p> <p>Strategiar for sikkerheit og beredskap vert handtert i «kommune-ROS». Viser også til metodeskildringa for</p>

	<p>av myr, våtmarker, naturlege buffersoner og grønne strukturer som dempar flom).</p> <p>Planprogrammet manglar eigen strategi for sikkerheit og beredskap.</p>	«konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse», som skildrar korleis vi skal arbeida vidare med problemstillinga.
<p>Sotra Golfklubb, journalpostnummer 25/27258-81</p>		
<p>Setje av areal til golfpark 18 hol, pluss areal til klubbhus, parkering, driving range og vedlikehaldsbygg på Sotra.</p>	<p>Det bør leggjast til rette for omregulering frå LNF-formål til idrettsanlegg/golfpark med nødvendig omsynssone. Vi har vore i kontakt med nokre grunneigarar som er positive. Forslag til areal/skisse golfpark i vedlegg</p>	<p>Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.</p>
<p>Bergen og Omegn Birøktarlag, Hordaland Birøktarlag, journalpostnummer 25/27258-88</p>		
<p>Viktigheita av å ta vare på kystlingheia, eit matfat for biene og eit artsrikt økosystem</p>	<p>Må unngå spreidd nedbygging, som bryt opp samanhengande kystlynghei og vanskeleggjer skjøtsel.</p> <p>Viktig å:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Sikre store, samanhengande lyngheiområde utan spreidd bebyggelse og fragmentering. 2. Gi desse områda sterk arealstatus (t.d. LNF-R eller særskilt omsynssone) der omsyn til biologisk mangfald, kulturlandskap og tradisjonell skjøtsel veg tyngst. <p>Leggje aktivt til rette for skjøtsel: gjere det enklare og tryggare å brenne lyng på forsvarleg måte og å ha dyr på beite, mellom</p>	<p>Pkt. 3 i innspelet kan ikkje løysast i arbeidet med planprogram og/eller i arealdelen til kommuneplanen.</p> <p>Innspelet elles inneheld relevant informasjon og er tatt til orientering, men medfører ikkje endring i planprogrammet.</p>

	anna gjennom støtteordningar og fjerning av unødvendige hinder.	
Kystmuséet i Øygarden, journalpostnummer 25/27258-93		
<p>Unngå natur- og kulturmiljøtap</p> <p>Ta vare på bygdene/Leva og bu i heile kommunen.</p> <p>Satsing på turisme krev fasilitering frå kommunen.</p>	<p>Tydleg strategi for å unngå natur- og kulturmiljøtap.</p> <p>Betre tilrettelegging for reiselivsdestinasjonar. Innafor kultur næring, idrett, kulturarv friluftsliv og turisme er ofte dei attraktive stadane ikkje lokalisert i kommunesentera eller lokalsentra. Det må difor også leggest opp til, og fasiliterast for, utvikling i område som er utforbi.</p> <p>Krav om fasilitering / rekkjefølgjekrav for kultur- idrett-, folkehelse- og friluftslivstiltak hos større utbyggjarar (bustad/næring/industri).</p> <p>Nei til meir havbruk i sjø og på land. Gjenbruka areal og ikkje bygge ned meir natur. Statlege tiltak/stor industri må få krav om kompenserande tiltak knytt til folkehelse, kultur, kulturmiljø, friluftsliv osv.</p> <p>Kommunen må fasilitera for større satsing på turisme.</p>	<p>Planprogrammet legg vekt på å ta vare på naturen og viktige verdiar (jf. hovudtema «utvikling for framtida» m/naturstrategi, utmarksgrense, «strategi for gjenbruk og betre utnytting av grå areal», og hovudtema «Leva og bu i heile kommunen» m/strategiar for å ta vare på landskap, friluftsområde, strandsona mm.</p> <p>Når det gjeld kulturmiljø, vert det per no arbeidd med ein ny og oppdater kulturmiljøplan. Kunnskapsgrunnlaget i dette planarbeidet vil verta innarbeidd i den nye arealdelen til kommuneplan for Øygarden.</p> <p>Innafor dei ulike hovudtemaa i planprogrammet finst fleire strategiar som legg til rette for næringsutvikling «utforbi»/dvs. i bygdene; bl.a. landbruk og reiseliv basert på samspel mellom natur, fritid/friluft, kulturmiljø, tilgang til sjø, overnatting mm.</p> <p>Når det gjeld tilrettelegging for reiseliv/turisme viser vi til ulike strategiar «på tvers» av hovudtemaa i planprogrammet og pågåande arbeid med å sertifisera Øygarden som «berekraftig reisemål». Vi kan også opplysa om at det vil bli invitert til samling for interesserte/potensielle reiselivsaktørar 11. mars 2026.</p>

		Spesifikke område/areal som eignar seg til turistformål/utvikla reiseliv må eventuelt spelast inn som konkrete arealinnspele når planprogrammet er endeleg vedteke (vi opnar for digitale innspele i perioden 23. januar – 8. mars 2026).
--	--	---

3. Innspel frå næringsaktørar

Tema	Innspel	Kommentar/merknad
Anonym, Survey-innspele nr. 31 og 32		
Senterstruktur	<p>Meiner at planprogrammet må prioritere fortetting i område som allereie har etablert infrastruktur og bustadfelt, og opna for nye bustadtypar som mikrohus, små tun og fleksible bumiljø med felles funksjonar. Det vert vist til at planprogrammet må gi ei tydelegare retning for korleis kommunen skal sikre eit variert bustadtilbod.</p> <p>Ønskjer å sikre vidareutvikling av Møvika, og meiner området er eigna for skånsam fortetting. Vil også sikre utvikling av fellestiltak langs sjø i Møvika. Vil sikre at planprogrammet opnar for vidareutvikling av nærmiljøet også kan skje utanfor dei definerte sentera.</p> <p>Meiner at LNF-områda knytt til etablerte bustadfelt i Møvika kan nyttast som ressurs for å etablere småskala møteplassar, tunløysingar og fellesareal som gjer det lettare for folk å møtast å delta i lokalmiljøet.</p> <p>Det vert vist til at utvikling av Møvika vil styrke kundegrunlaget for lokale tenester og bidra til eit meir robust nærmiljø.</p>	<p>Kommunen vurderer at strategiane legg opp til ei vidareutvikling av bygdene både med spreidd næring og fortetting. I bygdene skal vi kunne bygge ulike typar bustader som skal passe til både unge og eldre. Planprogrammet vert vurdert til ha ei tydeleg retning på at vi skal legge til rette for varierte bustadtypar i heile kommunen.</p> <p>Vi har strategiar på at vi skal ta vare på landbruksjorda, og dette er ei tydeleg prioritering når vi skal redusera arealreserven vår. Det er også nasjonal tydelege forventningar om at kommunane skal ta vare på natur- og kulturverdiar. Det skal likevel vere rom for å fortetta i etablerte bustadområde, bygga spreidde bustader og skapa aktive lokalsamfunn gjennom møteplassar og lokal næringsutvikling.</p> <p>Innspelet inneheld relevant informasjon og er tatt til orientering, men fører ikkje til endring i planprogrammet.</p>
Norgesgruppen, Survey-innspele nr. 41		
Arealinnspele	Likelydande innspel som jp-nr. 25/257258-46 .	Kommentert i tilknytning til jp-nr. 25/257258-46 .

Næring	Positiv til at det vert satsa på reiseliv i Øygarden, men at satsinga aldri kan bli stor nok. Legger vekt på at strandsona er viktig for reiselivsaktørane. Meiner det er viktig at kommunen og næringsaktørane arbeider saman for vidare vekst.	Godt engasjement. Kommunen sine strategiar er klar på at vi skal legge til rette for næringsutvikling av overnattingstilbod og reiseliv. Vi tek med innspelet med oss vidare i arbeidet.
Vigsø Consulting AS, Survey-innspel nr. 46		
Arealinnspel	Vert vist til at det i planprogrammet vert opplyst at deira eigedom på Straume vert omtalt som eit transformasjonsområde, som i hovudsak skal bli utvikla til bustadføremål, med noko funksjonsblanding. Det vert vist til at det er oppført næringsbygg på eigedomen, og meiner det ikkje er forsvarleg at det vert lagt opp til at dette skal bli riven for å utvikle områder med bustader. Ønskjer at eigedomen vert sett av til blanda føremål; bustad og næring.	Eigedomen ligg innanfor det som er definert som nærområde til regionsenteret. Vi er i strategiane klare på at det i nærområdet kan bli vurdert noko grad av funksjonsblanding. Kommunen vil også presisere at vi ikkje kan pålegge transformasjon, men berre kan legge til rette for vidare utvikling. Det vil bli opna for å senda arealinnspel i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Ivar Emil Sangolt, Survey-innspel nr. 50		
Utmarksgrense og viktige friluftsområde	Det vert vist til at utmarksgrense og viktige friluftsområde er teikna inn og vist på hans eigedom der han har gardsdrift. Opplever at dette vil få konsekvensar for vidare drift. Ønskjer justering av utmarksgrense og friluftsområde. Det er også eit næringsbygg for sagbruk som han ikkje vil at skal ligge i konflikt med område der friluftsliv vert vurdert som svært viktig. Ønskjer at det vert vidareført naustføremål i strandsona i Kvalvågen.	Utmarksgrense og friluftsinnteresser vil ikkje avgrense vidare gardsdrift. Kommunen har strategi for at vi skal sette av landbruksjord til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). Det vil bli opna for å sende arealinnspel i perioden 23. januar – 8. mars 2026.

	Viktig at informasjon til grunneigarar knytt til deira eigedomar før ein har gått for langt i prosessen.	
Margot og Hans Lauvik, jp-nr. 25/257258-2		
Strandsone	Ber om at kommunen revurderer praksis ved fastsetjing av funksjonell strandsone, då gjeldande arealplan regulerer den funksjonelle strandsona i områda der den ikkje er tilgjengeleg pga. topografi. Opplever at handlingsrommet vert redusert radikalt for dei som ønskjer å drive gardsbruk, ta vare på kystkultur, tradisjonar og kulturlandskap.	<p>Forvaltning av strandsona skal arbeidast vidare med når vi fastset arealbruk i den nye planen, der sjø og land må bli vurdert i samanheng. Vi må følgje opp dei statlege føringane for forvaltning av strandsona, men kommunen vil søke å finne det lokale handlingsrommet. Dette vurderer vi at strategien for strandsona legger opp til.</p> <p>Innspelet elles inneheld relevant informasjon og er tatt til orientering, men fører ikkje til endring i planprogrammet.</p>
Kjell Arne Vardøy, jp-nr. 25/257528-3		
Leva og bu i heile kommunen	Vil skape sin eigen arbeidsplass i landbruket med kombinasjon av landbruk og tilleggsnæringar, og kunne bygge ut sin eigedom.	<p>Kommunane har ei viktig rolle med å følgje opp nasjonale og regionale jordvernomsyn, noko strategiane for landbruk gjer ved å ha ei nullvisjon mot nedbygging av landbruksjord. Dette må vi følgje opp i vidare arbeid med arealdelen, samtidig som vi er tydeleg på at vi også skal legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling basert på kystkultur- og fritidsaktivitetar, reiseliv, kultur og landbruk.</p> <p>Vi tek innspelet med oss vidare i arbeidet.</p>
Strandsona	Den funksjonelle strandsona må tilpassast landskapet og behovet til gardar i drift med tilleggsnæring.	Forvaltning av strandsona skal arbeidast vidare med når vi fastset arealbruk i den nye planen, der vi må vurdere sjø og land i samanheng. Vi må sjå til dei statlege føringane, men kommunen vil søke å finne

		det lokale handlingsrommet. Dette vurderer vi at strategien for strandsona legger opp til. Vi tek innspelet med oss vidare i arbeidet.
Næringsutvikling	Kommunen har lang tradisjon for drift av kystlandskap og beiting. Planen bør kunne legge til rette for tilleggsnæringar i landbruket som gir arbeidsplassar, aukar lokal matforsyning og fremmer berekraftig reiseliv. Aktiv skjøtsel av kystlynghei og opne kulturlandskap sikrar naturmangfald, reduserer brannfare og skaper moglegheiter for friluftsliv. Vurderer at dette er i samsvar med planprogrammet. Må unngå at det er krav om reguleringsplan for mindre tiltak.	Viser til kommentar over om strandsona, som vi tek med oss vidare i planarbeidet. Plankrav vil i stor grad vere styrt av plan- og bygningslova, og må vurderast ut i frå kva type tiltak og omfang det er tale om.
Arealinnspel	Ønskjer vidareføring av gjeldande regulering til gardsturisme.	Innsendar vil få oppmoding om å senda arealinnspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Fibonacci AS, jp-nr. 25/257258-6		
Utmarksgrense	Ber om at utmarksgrense ikkje kjem i konflikt med gjeldande næringsføremål på gbnr. 241/5.	Utmarksgrensa er ein strategi som skal sikra at vi tar vare på viktige verdiar og samanhengande natur i eit langsiktig perspektiv. Utmarksgrensa er i hovudsak sett der vi har kartlagt viktige verdiar. I regionsenteret og på Blomøy er det også lagt vekt på at naturen er under sterkt press. Det er viktig å sikra at vi har natur att i desse områda, både for naturen sin eigen del, men også for at det framleis skal vera attraktivt å bu i desse områda. Utmarksgrensa er foreløpig ein strategi, som ikkje er finteikna og gjennomarbeida i kart. Nokre stader er det i gjeldande planar byggeformål innanfor

		utmarksgrensa. Disse formåla må vi vurdere om vi skal vidareføra eller ikkje før vi fastset endeleg utmarksgrense når vi vedtek arealdelen i 2027.
Foldnesmarka AS, 25/257258-7		
Straume/utmarksgrensene	Vil at kommunen utvidar nærområdet til Straume sentrum med areal ved Arefjordpollen og Pollhaugane. Utmarksgrense må følgeleg reduserast rundt desse områda. Meiner det er viktig å utvikle sentrumsområdet slik at det styrkar allmenta sin tilgang til sjøen, sikrar attraktive møteplassar og bidrar til å realisere kommunen sine overordna mål om berekraftig, inkluderande og aktiv stadutvikling i samsvar med mål i samfunnsdelen.	Utstrekning for nærområde til Straume er basert på ein metode, der vi har tatt utgangspunkt i 800 meter gangavstand til senterpunktet. Områda innspelet gjeld vert vurdert til å ikkje falle inn under metoden, då det ligg for langt unna. Vi viser til vår merknad over om utmarksgrense til innspel med jp-nr. 25/257258-6 .
Jarle Rennedal m.fl., 25/257258-19		
Senterstruktur	Ønskjer at det skal vere tillate med bygg inntil 5 etasjar og lågblokker i ytre del av regionsenteret Straume, dersom det ligg nært det som er definert som «nærområde». Det skal da også oppfylle andre funksjonar som trygg skuleveg, kollektivtilbod og anna.	Bustadstrategien legg opp til at det kan bli vurdert fortetting med lågblokker og mindre leilegheitsbygg i ytre del av regionsenteret. Det vil også vere avhengig av detaljregulering ved slik utbygging, og då vil det bli gjort vurderingar av kva fortetting ein kan tillate ut frå plassering og andre forhold.
Leve og bu i heile kommunen	Viktig at også meir perifere område, inkludert nærområde til regionsenter, får høve til å utvikle gode og levedyktige bu- og handelsmiljø.	Kommunen må følgje opp statlege og regionale føringar for arealbruk og mobilitet, og vil med bakgrunn i dette sjå på utvikling av heile regionsenteret i samheng ut frå dei strategiar som vert vedteken i planprogrammet.
Strandsona	Viser til aktivitet knytt til nærbutikk og kai på Brattholmen, det er utfordrande å legge til med småbåtar, og det må difor sikrast med etablering av	Innsendar vil få oppmoding om å senda arealinnspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026

	flytande molo. Ei målretta utvikling av Brattholmen kan sikre at det vert ei god og trygg gjestehamn for tilreisande, med fasilitetar som dusjanlegg, toalett og høve til klesvask.	
Næringsutvikling	<p>Å ta vare på lokalbutikk i gangavstand i område Brattholmen er viktig for eit levande lokalmiljø. Med styrka vekst kan det opna for anna næringsverksemd på kaien, som til dømes serveringsverksemd.</p> <p>Det er ønskjeleg å kunne ta vare på, vidareføre og utvikle Brattholmen som eit handelsområde ved sjøen.</p>	Vi vil i det vidare arbeid med arealdelen sjå på potensiale for utvikling og vekst på Brattholmen.
Foldnesmarka AS, 25/257258-26		
Utmarksgrense	Foldnesmarka A/S er eit sameie av gardsbruk på Gamle Foldnes, og strekker seg frå Sotraheimen i sør og mot Våge/Anglevik/Hjelteryggen i nord. Reagerer på at deira område skal vere grøntområde og del av utmarksgrense i ny KPA.	Vi viser til vår merknad over om utmarksgrense til innspel med jp-nr. 25/257258-6 .
Arealinnspel	Ønskjer å etablere byggefelt vidare mellom Larslia og Kyrkjevegen.	Innsendar vil få oppmoding om å senda arealinnspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Fibonacci AS, jp-nr. 25/257258-31		
Arealinnspel	Arealinnspel på utvikling av gbnr. 35/5 i Geitevikja til eit maritimt seniorbustadprosjekt med tilhøyrande rekreasjons- og allmenningsskapslandskap.	Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.

Svanevågen AS, jp-nr. 25/257258-32		
Planvask/arealinnspel	Har registrert at både samfunnsdelen og planprogrammet ikkje vil satse på turisme knytt til fritidsbustader. Ønskjer at det i planprogrammet vert presisert at ein vidarefører vedtekne/gjeldande reguleringsplan for fritidsbustader, areal som i gjeldande KPA er regulert til fritidsbustader og til LNF-spreidd fritidsbustader.	Kommunen er gjennom både plan- og bygningslova og nasjonale og statlege føringar pålagt å ta stilling til om gjeldande planer bør bli revidert eller oppheva. Statsforvaltaren har i si fråsegn vore tydeleg på at dei legg til grunn at kommunen gjennomfører ein grundig planvask og tek ut område som etter dagens kunnskapsgrunnlag ikkje bør byggast ut av omsyn til klima-, natur- og jordverninteresser.
	Viktig at byggegrense mot sjø følgjar føremålsgrensa.	Byggegrense mot sjø vil bli arbeidd vidare med ved utarbeiding av arealdelen.
Næringsutvikling	Ønskjer at kommunen aktivt tar i bruk kombinerte arealføremål for bygg og anlegg slik at det vert lettare for næringsaktørar å tilpasse seg eventuelle marknadsendringar.	Tatt til orientering. Val av arealformål må bli vurdert med bakgrunn i arealinnspel til næringsareal.
Sartor & Drange AS, jp-nr. 25/257258-36 Vest næringsråd, jp-nr. 25/257258-38 Foldnes utbygging, jp-nr. 25/257258-49 Sundbo Eigedom AS, jp-nr. 25/257258-56 BTB II AS, jp-nr. 25/257258-65		
	Har forslag om å ta inn gjennomføringsstrategi som eit sjette hovudtema i planprogrammet, då det mellom anna kan vere målkonfliktar mellom fleire av strategiane. Gjennomføringsstrategi bør omtale korleis kommunen skal sikre at arealstrategiar og satsingsområde vert praktisk og økonomisk mogleg å gjennomføre. Meiner at rekkefølgjekrav i praksis er eit byggeforbod i mange tilfelle. Dette fordi tiltaka det	Gjennomføring av strategiane vil kome til uttrykk gjennom plankart, føresegn og planskildring. Kommunen skal i sitt vidare arbeid med arealdelen sikre at det vert utarbeidd plankart og føresegn som kan fungere for å følgje opp intensjonen med dei ulike strategiane. Rekkefølgjekrav er i stor grad noko som vert vurdert i ein detaljplan, og vert styrt og avgrensa av plan- og bygningslova.

	<p>er rekkefølgekrev til er for strenge eller dyre til at det kan gjennomførast.</p> <p>Vil ha eit eige punkt i planprogrammet som seier at det ikkje vert lagt opp til restriksjonar som går utover det som allereie ligg til grunn i lov og forskrift.</p> <p>Viser til at føresegnene er ein sentral del av planen, og det er først når desse er lagt fram at ein kan sjå dei praktiske konsekvensane av strategiane. Det er viktig at føresegnene er overordna, og ikkje for detaljerte, for å ikkje skape utfordringar ved vidare detaljregulering. Ein vil unngå at ein i ein detaljplanprosess får konflikt med KPA fordi ein har forslag som avviker frå overordna plan.</p> <p>Ønskjer at kommunen synleggjer verkemiddel dei vil ta i bruk når det gjeld gjennomføring, det vert vist til områdeutviklingsstrategi og omsynssone for grunneigarfinansiering.</p>	<p>Vi er samd i at føresegnene er ein sentral del av planen. Plan- og bygningslova set rammer for kva føresegn som kan bli utforma, og kva innhald dei kan ha for dei enkelte arealformåla. Dette vil vere førande for vårt arbeid med føresegnene.</p> <p>Kommunen er kjent med verkemidla som vert nemnt, og vi vil i vidare arbeid drøfte om dei vert aktuell å ta i bruk.</p>
Utvikling for framtida	<p>Vil presisere at planen ikkje bør legge opp til restriksjonar som går utover det som allereie følgjar av lov og forskrift, som til dømes å ta vare på leveområde for raudlista artar og unngå å bygge ned myr.</p> <p>Positiv til gjenbruk, sambruk, transformasjon og fortetting av eksisterande utbyggingsområde. Meiner likevel det kan vere vanskeleg å få til i</p>	<p>Kommunen vil i vidare arbeid med føresegnene finne vårt lokale handlingsrom.</p> <p>Det vil bli mindre nye areal tilgjengeleg i framtida. Kommunen vil presisere at vi ikkje kan pålegge</p>

	<p>praksis pga. målkonfliktar. Eigeomsrett og økonomi kan også avgrense transformasjon.</p> <p>Vil endre føringa om at det ikkje skal leggjast til rette for utbygging i aktsemdsområde for flaum, steinsprang, jord eller flaumskred, og opne for at dette kan skje så lenge det er gjort risikovurderingar for det konkrete området.</p> <p>Meiner det er viktig at ein må kunne legge til rette for mottak og gjenvinning av massar utan at dette utløyer krav om regulering som næring, til dømes at ein kan nytte reine massar til nydyrking i LNF.</p>	<p>transformasjon, men berre kan legge til rette for at det kan skje ei utvikling.</p> <p>Kommunen har ein stor planreserve, og vi meiner difor at vi bør prioritere å bygge ut der det er trygt. NVE er også klar i si fråsegn på at dei tilrår kommunen å styre ny utbygging til trygge område.</p> <p>Massehandtering er eit tema vi skal arbeide vidare med.</p>
Klima- og miljøstrategien	<p>Under klima og- miljøstrategien er det vist til krav om å ta vare på og tilføre grønt i all utbygging. meiner dette er formulert uheldig og kan føre til inngrep for å etablere grønstruktur til tross for at ein har tilgang på eksisterande natur. Vil også kunne føre til krav om etablering av grønstruktur i reguleringsendring eller transformasjon ev eksisterande næringsareal, noko som vil vere kostnadsdrivande.</p>	<p>Vi skal arbeide vidare med føringar når vi utarbeider planen.</p> <p>Innspelet er tatt til følgje, og vi vil endre ordlyden i planprogrammet slik:</p> <p>«Vi skal setta krav om å ta vare på og/eller tilføra grønt i all utbygging i Øygarden.» Strategien handlar i stor grad om at ein først og fremst skal ta vare på grønt ved utbygging, men og at ein skal erstatte der man tar av grøntareal.</p>
Senterstruktur	<p>Viser til at det er viktig at det vert lagt til rette for god tilkomst til Straume, også for dei som bruker bil. Sentrum må bli praktisk og lett tilgjengeleg for heile kommunen.</p>	<p>Intensjonen bak strategien for parkering på Straume er at kommunen skal arbeide for å finne den rette balansen mellom tilkomst for heile kommunen og tilrettelegging for dei som bur i og bruker sentrum i sin kvardag. Dialog med næringslivet blir viktig for å finne</p>

	<p>Positiv til strategiar som vil sikre utvikling av sentera med kvalitet. Vil igjen vise til behov for gjennomføringsstrategi og at det ikkje vert så store krav at arealutviklinga stopper opp.</p> <p>Dei er positiv til at det vert lagt til rette for spreidd utbygging for både bustad og næring i bygdene. Meiner at kommunen må vere bevisst på når det skal vere plankrav, at det er først og fremst i sentrale strøk og ved større utbyggingar at planprosess vil vere berekraftig.</p>	<p>løysingar som både støttar sentrumsutvikling og sikrar god tilgang for kundar og tilsette.</p> <p>Plan- og bygningslova er tydeleg på når det skal bli stilt krav om detaljregulering. Kommunen vil elles ta inn eventuelle overordna plankrav i føresegnene som vi vurderer at gi føreseielege rammer for utbyggjar.</p>
Næringsutvikling	<p>Meiner det er viktig med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for næringsutvikling i kommunen, og avdekke kva næringsareal det er behov for.</p> <p>Viktig at det vert lagt til rette for næring frå sør til nord i kommunen. Det er særleg viktig med nytt næringsareal tett på det nye sambandet, då dette vil vere samfunnsnyttig. For å kunne sikre naudsynt næringsareal bør planprogrammet ta inn punkt om at dette skjer med at planen sikrar nye og attraktive næringsareal i tråd med næringslivet sine behov.</p> <p>Tilrettelegging for meir næringsareal vil utfordre andre strategiar i planprogrammet, i tillegg til overordna mynde. Det er viktig at det vert gjort prioriteringar ut frå total samfunnsnytte.</p>	Tatt til orientering.

	<p>Det er viktig at det er rom for å utvikle næring ved sjøen, og at dei kan få utvikle, endre og utnytte dei eksisterande områda sine på ein meir effektiv måte enn i dag.</p>	
Medverknad	<p>Positiv til ulike former for medverknad gjennom prosessen. Viktig at tidspunkt for medverknad vert formidla tidleg og breitt.</p> <p>Dei presiserer kor viktig det er at arbeidet med føresegn kjem så tidleg som mogleg i sjølve planarbeidet.</p>	Tatt til orientering.
<p>Olav Thon Gruppen, jp-nr. 25/257258-39</p>		
Straume	<p>Straume som transformasjonsområde må bli utvikla med høg arealutnytting og gode koplingar til kollektivknutepunkt.</p> <p>Viser til ABC-prinsippet, og presiserer at handel og næring retta mot publikum bør bli lokalisert der kundegrunnlaget og tilgjenge talar for det. Feil lokalisering kan svekke sentrumskjernen, auke bilbruk og redusere aktiviteten til eksisterande handel og tenestetilbod. Eit tydleg, samla sentrumsstruktur i Straume er avgjerande for kvalitet og konkurransekraft på lang sikt.</p> <p>Krav om næring i første etasje bør berre bli stilt der marknadsgrunnlag, ABC-prinsippet, og kollektivdekning talar for det, elles kan ein risikere tomme lokalar over tid som skaper utrygge og lite attraktive byrom.</p>	Tatt til orientering.

	<p>Sentrumsutstrekning må bli vurdert heilskapleg, og det vert tilrådd at området ved «Jula-tomten» og tilgrensande eigedomar vert vurdert som integrert del av sentrumskjernen.</p> <p>Dei støtter ei arealstrategi som bygger opp under nasjonale mål, styrker Straume som kommunen sitt primære sentrum og sikrar ein heilskapleg og berekraftig utvikling.</p>	<p>Dert vil ikkje gå eit absolutt skilje om ein eigedom ligg rett innanfor eller utanfor sentrumskjernen. Det må vere ei naturleg nedtrapping, og vi vil kunna gjera vurderingar når vi fastsett rammer for arealbruk i den nye arealdelen.</p>
Straume – Parkering	<p>Støtter parkering under bakkenivå som hovudgrep av omsyn til arealeffektivitet, reduksjon av omfattande parkeringsflater og styrke sentrum for mjuke trafikantar. Det er likevel naudsynt at det vert lagt til rette for noko overflateparkering for å kunne konkurrere med bilbaserte områder utanfor sentrumskjernen. Ein må også sikre naudsynt varelevering for både noverande og framtidige verksemdar. Parkering, varelevering og mobilitet må sjåast i samanheng.</p>	<p>Intensjonen bak strategien for parkering på Straume er at kommunen skal arbeide for å finne den rette balansen mellom tilkomst for heile kommunen og tilrettelegging for dei som bur i og bruker sentrum i sin kvardag. Dialog med næringslivet blir viktig for å finne løysingar som både støttar sentrumsutvikling og sikrar god tilgang for kundar og tilsette.</p>
Invest in Vestland, jp-nr. 25/257258-40		
Næringsutvikling	<p>Støtter kommunen sitt planprogram og næringsstrategi som er offensiv, realistisk og forankra i det grønne skiftet. Kommunen sin satsing krev likevel føreseieleg tilgang på store nok næringsareal.</p> <p>De vurderer at det er viktig at kommunen legger til rette for havnæringa generelt og biomarine spesielt. Dette er næringar som regionen har føresetnader for å vidareutvikle.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>

NorgesGruppen Vest AS, jp-nr. 25/257258-46		
	Har ønskje om å etablere nærbutikk ved Valaskiftet.	Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Tellegruppen AS, jp-nr. 25/257258-64		
Utvikling for framtida	<p>Vurderer planprogrammet slik at utstrekning på sentrum ikkje er endeleg vedteke, men er eit utgangspunkt for det vidare faglege arbeidet. De meiner difor at det bør vere rom for justeringar etter vurdering av arealinnspel. Dette gjeld også utmarksgrensa. De legg til grunn at intensjonen er at avgrensingane skal bli vurdere på nytt i arealdelen, og blir justert når alle arealinnspel er motteke, og naudsynte konsekvensutgreiingar er gjennomført.</p> <p>Dei støtter innspel frå VNR og Sartor & Drange om innarbeiding av gjennomføringsstrategi som eit hovudtema i planprogrammet.</p>	<p>Både senterutstrekning og utmarksgrense er basert på ein metode, som i utgangspunktet vil vere førande i det vidare arbeid med arealdelen. Konkrete innspel til endring av sentera vert kommentert under.</p> <p>Vi viser til vår merknad over om utmarksgrense til innspel med jp-nr. 25/257258-6.</p>
Senterstruktur	Dei tilrår utviding av indre sentrumssone for Straume i søraust.	Utstrekning for indre sentrumssone for Straume er basert på ein metode, der det er satt ei avgrensing i sør for å kunne ta med Sartorområdet, som i den seinaste tida er utvikla med m.a. hotell, bustader, leikeplassar og opparbeida uterom. Det vert ikkje tilrådd endring i utstrekning på sentrumskjernen. Det må likevel presiserast at må vere ei naturleg nedtrapping frå sentrumskjernen, slik at ein ikkje vert hindra frå utvikling om ein ligg like utanfor sentrumskjernen.

	Ytre del av regionsenteret Straume tilrår dei at vert utvida nordover på Foldnes.	Avgrensing av sentrumsområdet er basert på ein metode som vart utarbeidd i samband med samfunnsdelen. Det er då basert på ei sykkelavstand på 10 min frå senterpunkt, og vi tilrår ikkje å utvide avgrensinga.
Arealinnspel	Det vert tilrådd utviding av eksisterande bustadområde på Forland.	Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å sende innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Bygdene	<p>Dei meiner at det bør vere mogleg å etablere små nærbutikkar og anna lokal næring i bygdene, til dømes daglegvare, kiosk, kafé og andre mindre verksemder. Det vil fungere som viktige møteplassar, styrke nærmiljøet og skape aktivitet i bygdene.</p> <p>Vurderer at kommunen må presisere kva ein meiner med «noe fortetting». Det må vere mogleg å bygge ut mindre bustadfelt i bygdene.</p>	<p>Med bakgrunn i dei strategiane som har vore på høyring vert det vurdert at slik utvikling i bygdene vil vere mogleg. Heilt konkret kor det vil bli lagt til rette for slik utvikling må vi ta stilling til i vidare arbeid med arealdelen.</p> <p>Det er vanskeleg å vere meir konkret enn å vise til at det skal vere rom for noko fortetting. Dette fordi det er vanskeleg å generalisere fortetting for heile kommunen, det må vi mellom anna gjere ut frå vurderingar av bustadreserve og eksisterande infrastruktur.</p> <p>Vi tek innspelet med oss vidare i arbeidet.</p>
Strandsona	Eksisterande naustmiljø må vere mogleg å utvikla på ein ryddig og funksjonell måte. Må bli lagt til rette for felles båtplassar, og opne for fortetting i eksisterande område i strandsona som er bygd ut.	<p>Strategiane legg opp til at kommunen skal søke å finne vårt lokale handlingsrom i strandsona, men det er viktig at dei områda vi set av til aktivitet er eigna for det.</p> <p>Vi tek innspelet med oss vidare i arbeidet.</p>

Næringsutvikling	<p>Ber om at planprogrammet opnar for at næringsområde i Tellnes næringspark kan bli utvida og at det vert sikra fleksible moglegheiter for utvikling. Tellnes næringspark kan møte framtidige behov for lokalisering av arbeidsplassar og nye næringsetableringar.</p> <p>Ønskjer å etablere daglegvarehandel i næringsparken, meiner dette vil styrke området og vere positivt for både tilsette og bebuarar i nærområdet.</p>	Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026.
Massehandtering	Ber om at det vert sett av fleire strategiske areal i sør, midt og nord for mottak, mellomlagring og gjenbruk av masser.	Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026
Norsk Kjernekraft AS, jp-nr. 25/257258-72		
Utmarksgrense	Ber om at Buneset og anna område mellom Osundet og nedslagsfelt for drikkevatt rundt Steinsvatnet ikkje vert tatt med innanfor utmarksgrensa og føreslått område for viktige og svært viktige friluftslivsområde, men vert regulert vidare som LNF-område.	<p>Viser til brev av 27.11.25 frå Energidepartementet, der dei opplyser om at innsendt melding frå NKAS med forslag til utgreiingsprogram for mellom anna Øygarden kommune vert stilt i bero. Departementet viser til at ein no vil vente på offentleg utgreiing frå Kjernekraftutvalet før det vert teken stilling til vidare behandling.</p> <p>Det vert elles vist til vår merknad om utmarksgrense til innspel med jp-nr. 25/257258-6.</p>
Byggeselskapet AS, jp-nr. 25/257258-84		
	Fleire av lenkjene fungerer ikkje i dei digitale dokumenta. Etterspør kartportal med ulike kartlag der ein kan sjå grensene, og utskriftsvenlege PDF-kart.	Dersom lenkene ikkje har fungert på eit tidspunkt, er det sjølvstøtt veldig synd. Det er riktig at vi ikkje har lagt til rette for utskrift av pdf-kart, men vil understreka at dei ulike karta er strategiske og

	<p>Vil at kommunen under naturstrategien skal ta ut tekst fra kulepunkt 4 om kva kunnskapsgrunnlaget har vist at er viktige verdier i Øygarden.</p> <p>Meiner landskapsanalysen er mangelfull og lite konsekvent i vurderinga, og at rapporten ikkje kan få innverknad på arealforvaltning av bygdene, særleg Glesvær og Telavåg, som har fått altfor høg verdi.</p> <p>Føreset at det vil vera mogleg å koma med innspel til ulike arealformål når planen kjem på høyring.</p>	<p>overordna. Dei vurderer ikkje eigedommar, men fortel kor i kommunen vi kan finna viktige verdier som vi må ta vare på for framtida.</p> <p>Vurderer det som viktig at det er opplyst om kva som er viktige verdier i kommunen vår. Det vert også vurdert som føreseieleg å synleggjere kva verdier vi legger vekt på i det vidare arbeid, og som vi ønskjer å unngå konflikt med.</p> <p>Landskapsanalysen er ei overordna analyse av landskapstrekka i ulike delar av Øygarden. I rapporten er kommunen delt inn i ulike område som har liknande landskapsuttrykk. Analysen fastset ikkje arealbruken, men er eitt av fleire tema det er utarbeida kunnskapsrapportar om, som samla vert brukt som vurderingsgrunnlag når vi fastset arealbruken seinare i prosessen.</p> <p>At Glesvær og Telavåg har fått svært høg verdi handlar mykje om den kulturhistoriske verdien desse bygdene har. Det inneber at vi må ta omsyn til landskapsuttrykket og historia i den vidare utviklinga.</p> <p>Når planprogrammet vert vedteken i januar 2026 vert det opna for innspel om eventuell endra bruk av konkrete areal. Vi vil vurdera å endra arealbruken der innspelet er i tråd med strategiane i planprogrammet.</p>
--	---	--

	<p>For område som blir satt av til friluftsliv i arealdelen er det ønskeleg at det vert opna for etablering av turveggar/turstiar utan krav om reguleringsplan, men med føringar for korleis dei bør verte utforma.</p>	<p>Utkast til plankart med konkret arealbruk som bustad og næringsformål vert lagt på høring og offentleg ettersyn hausten 2026, saman med føresegner og planskildring.</p> <p>Det vil vere mogleg å sende inn arealinnspel i perioden 23. januar – 8. mars 2026.</p> <p>Plan- og bygningslova har føresegn for når det er krav om detaljplan, der det er gjort klart at det er krav om reguleringsplan dersom det er tale om tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Dette må bli vurdert i kvart enkelt tilfelle.</p>
<p>Akons AS, jp-nr. 25/257258-85</p>		
	<p>Ber om ei oppmjuking av formulering knytt til at strategiane skal vere silingskriteria, slik at ein automatisk ikkje siler bort innspel som avvik frå strategiane, men at ein vurderer dei ut frå kvalitet, gjennomføringsevne og faktisk bidrag til kommunen sine overordna mål, eller lokal utvikling.</p> <p>Ber om at planprogrammet må vere tydeleg på at alle pågåande reguleringsplanar skal innarbeidast i ny arealdel.</p>	<p>I arbeidet med ny arealdel har vi valt å lage langsiktige og forpliktande strategiar for kva verdiar vi skal ta vare på for framtida. Dette understrekar også Statsforvaltaren og fylkeskommunen i sine fråsegn til planprogrammet.</p> <p>Kommunen er gjennom både plan- og bygningslova og nasjonale og statlege føringar pålagt å ta stilling til om gjeldande planer bør bli revidert eller oppheva. Statsforvaltaren har i sin fråsegn vore tydeleg på at dei legg til grunn at kommunen gjennomfører ein grundig planvask og tek ut områder som etter dagens kunnskapsgrunnlag ikkje bør bli bygget ut av omsyn til klima-, natur- og jordverninteresser.</p>

	<p>Vil at det skal vere avstand mellom dei store LNF-områda for å sikre at arealformålet ikkje hindrar naturleg vekst i bygdene, reduserer behov for dispensasjon og planendringar.</p>	<p>Vi har strategiar på at vi skal ta vare på landbruksjorda, og dette er ei tydeleg prioritering når vi skal redusera arealreserven vår. Det er også nasjonal tydelege forventningar om at kommunane skal ta vare på natur- og kulturverdiar. Det skal likevel vere rom for å fortetta i etablerte bustadområde, bygga spreidde bustader og skapa aktive lokalsamfunn gjennom møteplassar og lokal næringsutvikling.</p>
<p>Elomarinsotra, jp-nr. 25/257258-86</p>		
	<p>Ønskjer å endre arealformålet på sin eigedom på Glesvær, og utvikle gardsturisme.</p>	<p>Arealinnspel. Innsendar vil få oppmoding om å senda innspelet digitalt i perioden 23. januar – 8. mars 2026</p>

4. Innspel frå offentlege høyringspartar

Tema	Innspel	Kommentar/merknad
Kystverket, journalpostnummer <u>25/27258-27</u>		
Sjøtransport i kunnskapsgrunnlag, KU og ROS.	Kystverket oppmodar kommunen til: <ul style="list-style-type: none"> • å inkludere sjøtransport som undertema for tema transport i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen. • at kunnskap om sjøtransport og hamner blir henta inn som ein del av kunnskapsgrunnlaget for planlegging i sjø, og at nødvendige utgreiingar om sjøtransporten blir gjennomført og nytta i vurderinga av framtidig arealbruk. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet. Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidias arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp. Likeins vil kommunen arbeida vidare med kunnskap, og kunnskapsgrunnlaget for planlegging i sjø vil verta oppdatert.
Sjøtransport i arealrekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> • Oppmodar om å inkludere sjøområda i arealrekneskapet. 	Arealrekneskap er ein god ide, og vert arbeidd vidare med.
Næringsstrategi	<ul style="list-style-type: none"> • Foreslår å spesifisere kriteria for å leggja inn nye akvakultur- og råstoffutvinningsformål. 	Kriteria for å leggja inn nye akvakultur- og råstoffutvinningsformål er innarbeidd i strategiane.
Mattilsynet, journalpostnummer <u>25/27258-28</u>		
Plantehelse, dyrehelse og dyrevelferd, mat og drikkevatt og akvakultur i konsekvensutgreiinga og utteikning av plankartet.	Samla sett vurderer Mattilsynet at planprogrammet gir eit godt utgangspunkt for arbeidet med ny arealdel. Dei ber om at om at: <ul style="list-style-type: none"> • drikkevasskjelder og nedbørsfelt blir tydeleg synleggjorde og sikra gjennom plankart, omsynssoner og føresegner. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet. Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidias arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.

	<ul style="list-style-type: none"> • plantehelse og risiko ved massehandtering blir innarbeidd i metodane for vurdering av ny arealbruk. • verknader for dyrehelse og dyrevelferd blir vurderte når ein set av nye bustad- og næringsområde i landbruksområde. • fisk og akvakultur blir vurderte med vekt på fiskehelse, biosikkerheit og konflikt med andre interesser. • mattryggleik og trygg vassforsyning blir omsyn i strategiane for næringsutvikling. • metodeskildringane blir justerte slik at sårbarheit for matproduksjon og drikkevatt kjem tydeleg inn som vurderingskriterium. 	
Direktoratet For Mineralforvaltning Med Bergmesteren For Svalbard (DMF), journalpostnummer 25/27258-29		
Mineralressursar i konsekvensutgreiinga.	<ul style="list-style-type: none"> • Bruk av V712 som utgreiingsmetodikk er i tråd med kva DMF tilrår, men dei tilrår at mineralressursar blir vurderte som eit eige tema, slik at det kjem tydeleg fram av konsekvensutgreiinga korleis mineralressursar er vurdert. • Tilrår at karta til DMF over uttak i drift vert lagt til grunn for konsekvensutgreiinga, for å kunna vurdere korleis påverknad ny arealbruk vil ha på aktive mineraluttak. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet. Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.
Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS, journalpostnummer 25/27258-42		

Arealbruk i sjø	<ul style="list-style-type: none"> • Viser til at det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal til alminneleg • ferdsel til sjøs. Dei meiner også at det ikkje bør settast av større areal i sjø enn naudsynt til enkeltinteresser. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Statens vegvesen (SVV), journalpostnummer 25/27258-43		
Medverknad og openheit	<ul style="list-style-type: none"> • Positive til offentleg ettersyn og fleire informasjons- og dialogaktivitetar. • Ber samtidig om å blir involvert i vidare prosessar som kan påverke riksvegnettet, til dømes i arbeidet med mobilitetsplanen for Straume. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Utvikling for framtida	<ul style="list-style-type: none"> • Støttar strategien om å avgrense spreidd busetnad i natur- og jordbruksområde, då lang avstand til tenester aukar bilbruk og påverkar trafikktryggleik i område utan tilbod til mjuke trafikantar. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Leva og bu i heile kommunen	<ul style="list-style-type: none"> • Meiner at det må knytast klare kvalitetskriteria til kva område som kan opnast for utbygging i bygdene basert på LNF-spreidd Føremål. Til dømes lokalisering nær eksisterande vegnett med tilfredsstillande standard, trygg tilkomst, moglegheit for bruk av kollektivtransport og tilgang til gang- og sykkelløysingar mellom bustad, busshaldeplass og sentrale målpunkt. • Dersom næringsverksemdar også skal kunne etablerast utan plankrav, bør planarbeidet klargjere type næring, 	Merknadane inneheld heilt klart viktige moment som vi må arbeida vidare med, og finna gode løysingar på i samarbeid med sektormynder.

	<p>omfang og kva trafikale kvalitetskriterium som må vere oppfylt.</p> <ul style="list-style-type: none"> All utbygging i bygdene må vurderast i lys av nullvekstmålet og strategiane i planprogrammet som handlar om korte reiseavstandar og trygg ferdsle for mjuke trafikantar. 	
Strandsona og parkering	<ul style="list-style-type: none"> Tilrår at kommuneplanarbeidet vurderer parkerings- og tilkomstbehov ved etablering av småbåtanlegg og liknande tiltak, for å unngå parkering langs veg og samtidig ivareta nødvendig beredskap og trafikktryggleik. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> Meiner at planprogrammet må peika på korleis lokalisering av framtidige næringsområde vil påverka trafikkbiletet, både når det gjeld kapasitet på riks- og fylkesvegnettet, tilkomstløysingar og trygg ferdsel for alle trafikantgrupper. Oppmodar kommunen til å vurdere korleis mobilitet til og frå nye næringsområde kan løysast, slik at arbeidsreiser i størst mogleg grad kan skje med kollektivtransport, sykkel eller gange der dette er relevant. 	<p>Konsekvensar for trafikkbiletet er allereie eit tema i metodeskildringa for KU og ROS. Krav til infrastruktur er eitt av silingskriteria som ligg i strategiane.</p> <p>Vi tek med oss merknadane vidare i arbeidet.</p>
Sentera i Øygarden og senterstruktur	<ul style="list-style-type: none"> Er positiv til strategiar om mobilitet og parkering på Straume, og viser til at dei er i tråd med nasjonale føringar for berekraftig areal- og transportutvikling. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.

	<ul style="list-style-type: none"> • Samstundes meiner SVV at det kan oppstå uklåre føringar og risiko for parallelle tyngdepunkt dersom kommunen ikkje prioriterer utbygging av Straume før det vert opna for bygging av området ved Bildetangen. 	
Kunnskapsgrunnlag	<ul style="list-style-type: none"> • Øygarden har lagt ned eit grundig arbeid med planprogrammet og har tydelege ambisjonar for vidare utvikling. SVV vil likevel tilrå å ta i bruk arealdataverktøy (ADV) for å styrkje avgjerdsgrunnlaget når kart og prioriteringar skal utformast, i tråd med dei statlege føringane for areal og mobilitet (nullvekstmåll). 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (NVE), journalpostnummer 25/27258-71		
Kunnskap og vurderingsgrunnlag	<p>Minner om at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • arbeidet må ta utgangspunkt i oppdatert og best mogleg kunnskap om naturfarar. • Kommunen må vurdere naturfarar i eksisterande byggeområda som ikkje er tatt i bruk til utbygging, eller der planen vil opne for tettare utbygging. • Konsekvensar for allmenne interesser i vassdrag må vurderast. 	Kommunen er allereie tydelege på at vi skal følgja dette opp i planarbeidet, både i strategiar og i metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk.
Planvask og spørsmål om gjeldande reguleringsplanar fortsett skal gjelde	<ul style="list-style-type: none"> • Minner om at NVE kan ha motsegn dersom kommunen vedtek at eldre reguleringsplanar, som er i strid med nasjonale eller regionale interesser (som 	Tatt til orientering.

	flaum og skred), skal gå framfor den nye planen ved eventuell motstrid.	
Krav til utarbeiding av plan	<ul style="list-style-type: none"> • Alle aktsemdområde for naturfarar må innarbeidast i plankartet som omsynssoner, med tilhøyrande føresegner. • Der planen opnar for direkte utbygging eller fortetting, utan krav om reguleringsplan, må reell fare vere avklart , t.d. i LNF-spreidd. • Kjem med råd om korleis kommunen må gjera vurderingar av arealbruk, og korleis vi bør nytta omsynssoner og føresegner i planen for å visa naturfarar i planen. • Kommunen må vurdere om eksisterande utbyggingsområde er tilstrekkeleg robuste for å møte det vi no veit om forventa klimaendringar og naturfarar. 	Tatt til orientering.
Oppdatert aktsemdskart	<ul style="list-style-type: none"> • Aktsemdskartet for kvikkleire er oppdatert og bør nyttast som grunnlag for omsynssone skredfare i plankartet. 	Oppdateringa utgjer no eit godt grunnlag for å vurdere reell aktsemd for kvikkleireskred, og aktsemdsområde for kvikkleire vert del av klima- og miljøstrategien punkt nr 4, under temaet utvikling for framtida.
Statnett, journalpostnummer <u>25/27258-90</u>		
Generelt	<ul style="list-style-type: none"> • Planarbeidet må ta nødvendig omsyn til drift og utvikling transmisjonsnettanlegga til Statnett. Vil i samband med arealinnspele komma med ei oversikt over 	Tatt til orientering.

	<p>arealbruken for eksisterande og planlagde transmisjonsnettanlegg i kommunen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Viser til deira områdeplan for Bergensområdet og Haugalandet som skildrar forventna nettutvikling i regionen. 	
<p>Straumforsyning til næring i konsekvensutgreiinga.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Viser til at tilstrekkeleg energiforsyning er avgjerande for næringsutvikling og samfunnsutviklinga elles, og energiforsyning til næringsutvikling bør derfor vera sentralt i konsekvensutgreiinga. 	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Statsforvaltaren i Vestland, journalpostnummer 25/27258-91</p>		
<p>Prosess</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Set pris på at kommunen har invitert til møter i samband med presentasjon av kunnskapsgrunnlag og utkast til planprogram. • Ser at kommunen har arbeidd godt med å få på plass eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. • Det føreligg også eit sett av føremålstenlege silingskriterier. 	<p>Tatt til orientering.</p>
<p>Kunnskapsgrunnlag</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Føreset at bustadsosiale omsyn er eit kunnskapstema som inngår i arbeidet med arealdelen. • I rapporten «Natur i Øygarden – Kunnskapsgrunnlag til arealdelen til kommuneplanen 2027-2039» er det i liten grad gjort greie for kunnskapsstatusen når det gjeld marint naturmangfald. Kommunen må drøfte og vurdere 	<p>Kommunen vil arbeida vidare med kunnskap, og kunnskapsgrunnlaget for planlegging i sjø vil verta oppdatert. Merknadane elles vert teken med vidare i planarbeidet.</p>

	<p>kunnskapsgrunnlaget når det gjeld marint naturmangfald nærare, og bør leggjast til grunn for ein oppdatert rapport om viktig natur i Øygarden.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Føreset at behovet for innhenting av ny kunnskap blir vurdert om det er aktuelt å setje av areal til tiltak i sjø. • Naturtypelokalitetar, raudlisteartar og vassdrag inkludert eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte skal takast omsyn til ved framtidig planlegging. Planprogrammet bør leggje til grunn at kunnskap om slike viktige naturverdiar skal oppdaterast og vidareutviklast, for å kunne gi grunnlag for berekraftig økologisk utvikling. 	
Medverknad	<ul style="list-style-type: none"> • Det er positivt at de har hatt brei medverknad frå barn og unge, gjennom barnetråkk i skular og barnehagar. • Øygarden kommune har lagt opp til fleire møtepunkt med regionale myndigheiter i det førebuande planarbeidet. Vi set pris på at kommunen har lagt til rette for dette. Vidare registrerer vi at kommunen også har lagt til rette for medverknad på ulike nivå og med ulike interesser, og at medverknadsaktivitetar er planlagt i tida framover, jf. framdriftsplan. 	Tatt til orientering.
Areal- og naturrekneskap	<ul style="list-style-type: none"> • Øygarden kommune legg til grunn at arealrekneskap skal nyttast som eit aktivt 	Tatt til orientering.

	<p>verktøy i arbeidet med den nye arealdelen. Vidare har kommunen som mål å utarbeide naturrekneskap, som del av kunnskaps- og indikatorar for å vurdere arealmålsetjingane på tidspunktet og over tid. Dette vil vere i tråd med det som går fram av SPR arealbruk og mobilitet, punkt 6.3 og SPR klima og energi, punkt 4.3.</p>	
<p>Konsekvensutgreiing</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er bra at folkehelse er tydeleg i konsekvensutgreiinga. • Det er bra at barn og unges oppvekstmiljø er sentralt i metodeskildringa til konsekvensutgreiinga. • Vil at tilgjenge, universell utforming og aldersvenlege samfunn er blant verdiane som skal vurderast i konsekvensutgreiingane. • Positivt at kommunen har løfta rettane til menneske med nedsett funksjonsevne i konsekvensutgreiinga. • Kommunen skal vurdere nøye om det er viktige samfunnsomsyn som ligg til grunn når ein vurderer å byggje ned matjord og alternativ må vurderast. Dersom ein må vege jordressursen mot andre omsyn, skal jordressursen bli verdsett eller klassifisert. • Naturtypelokalitetar, raudlisteartar og vassdrag inkludert eit funksjonelt 	<p>Merknadane vert teken med vidare i arbeidet. Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.</p>

	<p>kantvegetasjonsbelte skal takast omsyn til i konsekvensutgreiinga.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dersom det er aktuelt å greie ut areal for akvakultur i arealdelen føreset vi at dette blir rammer for og tema i konsekvensutgreiinga, og at verknader for naturmangfald, samfunn (omfang, kva oppdrettsartar som er aktuelle, regionale og nasjonale behov og berekraftskapasitet) og miljøomsyn blir tilstrekkeleg klarlagt. 	
Planvask og vidareføring av arealbruk og reguleringsplanar	<ul style="list-style-type: none"> • Er positive til at planvask av arealreserve i gjeldande arealdel og reguleringsplanar skal gjerast samtidig. • Minner likevel om at nasjonale og regionale interesser skal vurderast ved ev. vidareføring av reguleringsplanar. • Viser til at planar skal gjelde uendra og som ikkje skal følgje denne nye kommuneplanen må vera del av sjølve planvedtaket, og at denne informasjon må innarbeidast i føresegnene. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Bustad	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen må gje ei grunngjeving for kvifor «høgalternativet» for befolkningsutviklinga er valt, om det er realistisk, sannsynet som grunngjev at dette er ei god rettesnor for planlegging i kommunen, og ikkje minst verknadene av å leggje til grunn høgalternativet. Vurderingane må gjerast ut i frå 	<p>Planprogrammet er oppdatert med følgjande grunngjeving:</p> <p>SSB gjer framskrivingar av folketalet i ulike scenario. Historisk sett er det alternativet for høg nasjonal vekst som har samsvart best med den faktiske utviklinga i folketalet i Øygarden. Øygarden har viktige drivarar for vidare vekst, som Sotrasambandet, nærings- og</p>

	<p>demografiske aldersgrupper, t.d. vekst i eldre, auka levealder og verknader dette har for bustadbehovet, nærleik til offentlege tenester, og ikkje minst plassering av areal sett av til bustad i tråd med føringane som går fram av statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Likeins må kommunen klargjere og grunngje kvifor det blir lagt opp til ein reservekapasitet på 30%, og verknadene av ei slik tilnærming. • Føreset at det blir lagt fram eit kunnskapsgrunnlag med areal- og naturrekneskap, synleggjering av behovet for areal til bustader, gjennomgang av arealreserve for bustader, verknader av planforslaget for andre interesser og omsyn. 	<p>sentrumsutvikling. For å leggja til rette for tilstrekkeleg bustadbygging meiner vi det vil vera viktig å leggja dette framskrivingsalternativet til grunn når vi vurderer behovet for areal til bustader. Vi trur desse drivarane vil gjera Øygarden attraktiv i åra framover. Kor stor effekten blir er likevel usikker.</p> <p>Arealdelen skal ikkje vera ein arealbank for all framtid. Samstundes har kommunen nyleg vedteke planar med stor bustadreserve i senterområde som har med eit langsiktig perspektiv, som strekker seg utover planperioden til arealdelen. Denne planreserven inngår i den totale bustadreserven, men vil ta lang tid å utvikla, og mykje av dette potensialet vil utgjera ein langsiktig buffer. Vi har også behov for å leggja til rette for bustader innanfor planperioden.</p> <p>I tillegg er ordlyden i bustadstrategien justert noko.</p>
LNF-spreidd bustad	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen må gjere greie for korleis LNF-spreidd areal er handtert tidlegare i kommunane, om areala er blitt forvalta i tråd med føresetnadene og styringskriteria i føresegnene, eller om det kan vere at nokre av areala i realiteten har utvikla seg til areal for bustad. • Arealbehov for LNF-spreidd bustad og potensialet for nye bustader her må belysast, og det setjast klare 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.

	styringskriteria og berekraftige kvoter. Viser til rettleiing.	
Strandsone, naust og småbåtanlegg	<ul style="list-style-type: none"> • Det går ikkje klart fram av planprogrammet om kommunen har som mål å fastsetje ei byggjegrænse mot sjø på kommuneplannivået. Viser her til lovførearbeida, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) s. 174. • Ei ev. byggjegrænse mot sjø skal settast ut frå ei konkret vurdering av omsyna som går fram av pbl. § 1-8. • Kommunen må sikre at det er gjort godt greie for omfanget av allereie etablerte naust, og gi eit godt oversyn over talet på nye naust som det blir lagt opp til i ny kommuneplan. • Føresegnene og planskildring må vere klar på at naust er uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr og fiskereiskap. • Planprogrammet sin intensjon om «nye private naust skal byggast som fortetting eller utviding av eksisterande naustmiljø», må nyanseras og konkretiserast. • Kva kommunen meiner med «etablerte naustmiljø» som i dag ikkje er sett av til naustføre mål må kartleggast og omfanget må synleggjerast. • Det må ikkje bli lagt opp til ein fortettings- eller utvidingsstrategi i strandsona som byggjer igjen/ byggjer ned 	<p>Kommunen skal i det vidare planarbeidet vurdere korleis og kvar vi skal leggja til rette for differensiert forvaltning av 100-metersbeltet mot sjø. Om vil vel å løysa dette gjennom føresegner eller byggegrense ønskjer vi å drøfta vidare med statsforvaltar.</p> <p>Merknadane elles vert teken med i det vidare planarbeidet.</p>

	<p>nærmiljøkvalitetar, område for allmenn tilgang, strender og grønstruktur som har verdi for allmenne interesser eller attverande naturpreg.</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er uklart kva kommunen definerer som mindre tiltak i sjøarealet framfor formål som opnar for naust. Kommunen må ha god kontroll på omfanget av kaiar, bryggjer og flytebryggjer med omsyn til interessene som går fram av pbl. § 1-8.• Kommunen bør vurdere om det kan vere behov for plankrav til fortetting og utvikling av naustområde med tilhøyrande infrastruktur.• Kommunen må klargjere omfanget av eksisterande småbåthamner, kapasitet, og behovet på ulike stader.• Talet på nye småbåthamner og båtplassar det blir lagt til rette for i ny plan må klarleggjast.• Det må klargjerast om fellesanlegg og samlokalisering av båtplassar, gjer behovet for einskilde flytebryggjer ved naust mindre• Areal til større småbåthamner med tilhøyrande fellesanlegg på land må vere godt belyst og utgreidd på kommuneplannivået. Ved større småbåthamner må kommunen vurdere	
--	--	--

	plankrav for å sikre ei føremålstenleg og avklart arealutvikling.	
Landbruk og jordvern	<ul style="list-style-type: none"> • Det er viktig at kommunen vernar om matjorda ved fortetting og vurderer transformasjon av grå areal. Også små teigar er viktige i beredskaps-samanheng. • Samanhengande LNF-område er viktige både for landbruket og for naturen. Skjøtsel av areala er vanskelegare om dei vert splitta opp av vegar, bustader osv. • Legg til grunn at kommunen gjennomfører ein grundig planvask og tek ut områder som etter dagens kunnskapsgrunnlag ikkje bør byggjast ut av omsyn til klima-, natur- og jordverninteresser. • Når det er uunngåeleg at jordbruksareal vert bygd ned, må jordmassane nyttast til forbetring av eller nydyrking av jordbruksareal andre stader. Kommunen bør lage ein plan for bruk av jordmassar, lage ei oversikt over moglege mottaksareal og setje krav til ivaretaking av matjorda. 	<p>Landbruksverdiane er eit tydeleg tema både i kunnskapsgrunnlaget og strategiane.</p> <p>For sikra at vi tek vare på landbruksjorda er ordlyden i punkt 1 i strategiane for landbruk, under næringsutvikling endra til: Vi skal ha nullvisjon mot nedbygging av landbruksjorda (fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite).</p>
Klima	<ul style="list-style-type: none"> • Nedbygging av myr fører til store utslepp av klimagassar. Kommunen har tatt inn i naturstrategien av ein skal unngå å byggje ned myr. 	Tatt til orientering
Naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> • Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 7- 12. Ei 	Merknadane vert teken med vidare i planarbeidet.

	<p>vurdering av verknader for naturmangfaldet skal gå fram av planarbeidet, og det skal gå fram at det endelege planframlegget og vedtaket i saka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er behov for ei klar arealtilnærming og prioritering av ein langsiktig forvaltings- og arealstrategi av kystlyngheia i kommunen. Vi meiner difor at arbeidet med ei utmarksgrense vil vere eit godt grep. • Set pris på at Øygarden kommune legg til grunn kunnskap om leveområda for hubroen i arbeidet med ny arealdel, arbeidet med ei utmarksgrense vil også støtte opp om det. Ber om at kommunen legg til grunn naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Hubro har status som «Sterkt truga» (EN) på nasjonal raudliste for artar 2021. • Føreset at det blir utarbeidd føresegner med breidde for kantvegetasjon og byggjegranser langs vassdrag for å ivareta naturmangfald, landskap, kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser. 	
<p>Akvakultur</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Kommunen må gjere greie for kva som er meint i strategiane om akvakultur: «I samråd med offentlege organ som Havforskningsinstituttet og Mattilsynet skal vi vurdera å innføre branngate mellom produksjonsområde 2 og 3 (PO2 og PO3). Branngate kan etablerast ved å inkludere 	<p>Strategiane krev at vi arbeider vidare med temaet i arealdelen. Gode løysingar for utvikling av akvakultur er avhengig av tydelegare statlege føringar og dialog med næringa. Strategiane er ikkje meint at skal inngå som føresegner, men vera rammer for arealbruk i sjø og i dialog med næringane.</p>

	<p>krav til nullutsleppsteknologi til eksisterande formål. Eit krav vil ikkje kunne ha tilbakeverkande kraft»</p> <p>Her må kommunen gjere greie for kva som er meint på dette punktet i planprogrammet og konkretisere kva tiltak og ev. føringar som er aktuelle. Vidare må kommunen gjere det klart kva som ligg i omgrepet «nullutsleppsteknologi».</p> <p>Kommunen bør her få fram at dette gjeld teknologi som ikkje slepp lakselus ut frå produksjonsanlegget. Kommunen må også vere merksam på at det ikkje er råd å sette føresegn som er konkurransevidande.</p> <p>«nullutsleppsteknologi». Kommunen bør her få fram at dette gjeld teknologi som ikkje slepp lakselus ut frå produksjonsanlegget. Kommunen må også vere merksam på at det ikkje er råd å sette føresegn som er konkurransevidande.</p> <ul style="list-style-type: none">• Dersom det er sett av areal til akvakultur i sjø som ikkje er eigna til føremålet, må desse vurderast å takast ut.• I planprogrammet blir det vist til at «Vi skal harmonisera eksisterande arealformål og utstrekning på desse, for dei tre gjeldande arealdelane». Det er uklart kva kommunen	<p>Merknadane elles vert teken med vidare i planarbeidet.</p>
--	---	---

	<p>meiner med «harmonisering», men legg til grunn at ev. endringar i arealføremål er tilstrekkeleg og forsvarleg.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I eksisterande arealdelar er nokre akvakulturanlegg plassert anten utanfor areal som er sett av til akvakultur, nokre er delvis i tråd med føremål som er sett av til akvakultur og nokre anlegg er i tråd med areal sett av til akvakultur. Vi føreset at kommunen gjer greie for bakgrunnen for avvik i arealføremål, ev. justeringar i utstrekning av areal sett av til akvakultur, og at det blir klargjort om dette er i tråd med føresetnadene som ligg til grunn for løyvet etter akvakulturloven og plan. • Viser til at fleirbruksformål er mindre føreseieleg for framtidig arealbruk enn å setta av areal til akvakultur åleine. • Føreset at ev. areal til landbasert oppdrett også blir tilstrekkeleg utgreia og vurdert i overordna plan. Viser her til artikkelen om reinseeffektar i akvakulturanlegg frå Statsforvaltaren i Vestland. 	
Avløpssone	<ul style="list-style-type: none"> • Statsforvaltaren vil minne kommunen om at det ikkje berre er storleik på aktuelt tettbygd område som er avgjerande for kva reinsekrav som skal og bør stillast til utslepp av avløpsvatn. Reinsekrava i forureiningsforskrifta er minimumskrav som alle anlegg skal oppnå. Kommunen 	Merknaden går noko ut over kva som skal løysast i arealdelen til kommuneplanen.

	<p>må alltid ta stilling til om reinsekrava til dei kommunale anlegga bør skjerpast utover minimumskrava der resipienten sin miljøtilstand er redusert.</p>	
<p>Heilskapleg og berekraftig masseforvaltning</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Øygarden må sikre ei strategisk tilnærming til masseforvaltning i kommuneplanen, og setje rammer for ei heilskapleg og berekraftig massehandtering i tråd med ressurspyramiden. Vi føreset at dette temaet blir godt utgreidd, belyst og handtert i kommuneplanprosessen. 	<p>Merknadane vert teken med vidare i planarbeidet.</p>
<p>Risiko- og sårbarheit</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er viktig at ROS-analysen vert utarbeidd på eit så tidleg stadium av planprosessen at den blir eit reelt og nyttig avgjerdsstøtteverktøy for kommunens styring av den framtidige arealbruken. • Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene. • Saknar ein omtale av verksemdsbasert risiko og eventuelt viljestyrte hendingar i planprogrammet. M.a. DSBs FAST-database vil kunne vere ei nyttig informasjonskjelde i tillegg til lokalkunnskap hjå t.d. naudetatane. 	<p>Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.</p> <p>Merknadane elles vert teken med vidare i planarbeidet.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Dersom det skal kunne byggjast ut direkte på bakgrunn av KPA, t.d. i areal sett av til «LNF spreidd,» så må ROS-analysen i KPA òg vere på faresonenivå da reell risiko og sårbarheit alltid skal vere heilt og fullt utgreidd på siste plannivå. 	
Vestland fylkeskommune, journalpostnummer <u>25/27258-92</u>		
Planprogrammet og kunnskapsgrunnlag	<ul style="list-style-type: none"> • Øygarden kommune har utarbeidd eit omfattande og godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for framlegg til planprogram for arealdelen til kommuneplanen. Vi ser med stor interesse på denne tilnærminga som kommunen har valt, og vil gje ros for arbeidet som er gjennomført med kunnskapsgrunnlaget og tilrettelegginga for det vidare arbeidet med arealdelen til kommuneplanen. 	Tatt til orientering
Arealstrategiar	<ul style="list-style-type: none"> • Har ikkje fått full forståing av om delstrategiane berre skal knytast til ein hovudstrategi i det vidare arbeidet, eller om dei vert sett i ein samanheng. Kan til dømes strategien “landskap” knytast til “naturstrategi” under “utvikling for framtida” og ikkje berre til “leva og bu i heile kommunen”? Generelt sett er vår tilråding at planframlegget vert utarbeidd i eit heilskapleg perspektiv. 	<p>Alle strategiane heng tett saman, og vil vera samla føringar for eit heilskapleg planarbeidet.</p> <p>Tatt til orientering</p>
Medverknad	<ul style="list-style-type: none"> • Rosar arbeidet med å involvere og å søke dialog hos innbyggjarar generelt gjennom 	Tatt til orientering

	<p>fleire folkemøte, gjennom å engasjere barn og unge i prosessen, dialog med næringslivet, og korleis samarbeidet mellom administrasjon og politisk nivå bidreg til at utgangspunktet og grunnlaget for det vidare planarbeidet er svært godt.</p>	
Silingskriterier og indikatorar	<ul style="list-style-type: none"> • Ser det som positivt at det skal gjerast ei siling på alle innkomne innspel og berre KU-vurdere dei som er i samsvar med strategiar. • Viser til at strategien om at kommunen kan vurdere å ta av urørt natur dersom det krevst for å ivareta sterke samfunnsinteresser vert nytta med stor varsemd. • Den samla arealstorleiken av ulike arealformål og bruk av dispensasjonar som vert nedbygd bør nyttast som indikatorar for å sjå verknaden av KPA over tid. • Universell utforming kan med fordel også vere eit tema i utvikling av bustadområde, og det kan tydeleggjerast som indikator i planarbeidet. 	<p>Merknadane vert teken med vidare i planarbeidet. Storleik på areal vil vera naturleg å samanlikna og måla endringar over ut i frå.</p>
Konsekvensutgreiing	<ul style="list-style-type: none"> • Det er oppgitt at folkehelse, aktivitetstilbod og nærmiljø skal vurderast med grunnlag i V-712. Sidan denne rettleiaren er utforma med vekt på vegplanlegging, tilrår VLFK at folkehelse vert vurdert i eit breiare perspektiv 	<p>Merknaden vert teken med vidare i arbeidet. Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.</p>

	(Helsekonsekvensutredning – Helsedirektoratet).	
Føresegner	<ul style="list-style-type: none"> Tilrå at det vert arbeidd godt med føresegnene for å sikre lokal tilnærming innanfor, og i tråd med lov og regelverk. T.d. at omsynssone for landskap vert tydeleggjort. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Klima, arealrekneskap og planvask	<ul style="list-style-type: none"> Øygarden kommune har med sitt grundige og systematiske kunnskapsgrunnlag og strategiar gode moglegheiter og eit godt grunnlag til å unngå utbygging på dei aller viktigaste og mest sårbare areala som myr, gammalskog, samanhengande naturområde og andre sårbare naturtypar. Her viser kommunen gode ambisjonar som vi håpar vert følgt opp i arbeid med planutkast. Kommunen har gjort eit godt grep med indikatorane for å måle arealbruk opp mot verdiar ein skal bevare. Oppmodar om å også ta i bruk utsleppsrekneskapet i arealrekneskapet for å synleggjere klimakonsekvensane av eksisterande og framtidig arealbruk. Oppmodar om å sikre karbonrike areal og areal som gir klimagevinst, ved å nytte omsynssonar jf §11-8 c. Merkar oss at økosystemtenester ikkje nemnast som utgreiingstema i metodikk for konsekvensutgreiinga. Ber kommunen 	<p>Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.</p> <p>Merknadane elles vert teken med vidare i arbeidet.</p>

	vurdere i kva grad økosystemtenester bør tydeleggjerast som eige tema.	
Klimatilpassing	<ul style="list-style-type: none"> • Arealdelen må gi konkrete føringar for korleis kommunen skal handtere eit varmare og våtare klima. Til dømes gjennom generelle føresegner til korleis effektane av klimaendringar skal handterast i samsvar med retningslinjene 13 og 16 i Regional plan for klima. • Oppmodar særskilt om at det vert set krav til bruk av naturbaserte løysingar for handtering av overvatn, bruk av tretrinnsstrategien og eit forbod mot å lukke opne vassvegar. • Det bør også setjast krav om at naturlege vassvegar vert kartlagde ved utbygging, for å få oversikt over framtidige kritiske punkt ved auka vassføring. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Vassforvalting	<ul style="list-style-type: none"> • Bør definere gode føresegner, arealføremål og ta stilling til eventuelle omsynssoner for vassmiljøet i arbeidet med KPA, og knyte dette opp mot hovudutfordringar som vatn og avlaup, landbruk og fysiske vandringshindre for fisk. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.
Bustad og LNF spreidd	<ul style="list-style-type: none"> • Den generelle bustadveksten bør leggjast til senterområde og byggefelt av omsyn til infrastruktur, tenestetilbod, med meir. • Det er viktig at kommunen tydeleggjer viktige omsyn som må ivaretakast dersom 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.

	<p>ei viss utvikling av bustader i LNF-område kan gjennomførast i framtida. Vi nemner spesielt omsynet til kulturminne.</p>	
Bustad- og sentrumsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Når kommunen planlegg for å bygga innanfrå og ut, er det er viktig å sikra aktive fasadar. Lengder på bygningar og kvartal påverkar korleis folk opplever avstandar, og i kva grad det er attraktivt å vere (gåande) i eit sentrum. • Viser elles til den nasjonale arkitekturstrategien «rom for kvalitet» for innspel som kan leggjast til grunn for arbeidet med føresegner planlegging og byggetiltak. • Det er viktig å tenke universell tilrettelegging, og innarbeide det som føresegner i KPA. Temaet kan med fordel tydeleggjerast som indikator i planarbeidet. • Dersom det viser seg å vere eit behov, er det viktig å finne eit erstatnings- eller tilleggsareal for området på Stovevatnet. • Tilrår at det vert lagt inn føringar om at areal med til tenestetilbod skal ha god tilgjengelegheit. • Saknar ei skildring av korleis uteopphaldsområde skal bidra til gode lokalmiljø for dei som bur i og er besøkande i sentrumsområda. 	<p>Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Tilrår at det vert fastsett at det skal utarbeidast stadanalysar med fokus på landskap, bygningsmiljø og natur i samband med regulering av senterområda og større bustadområde. Dette bør nedfellast i føresegn til KPA. 	
Samferdsel, mobilitet og kollektiv	<ul style="list-style-type: none"> • Mål om nullvekst i personbiltransport skal leggst til grunn for all arealplanlegging, som inneber at plassering av ulike arealformål skal bidra til at vi unngår bilbasert utbygging, at bustader vert lokalisert i nærleiken til definerte senter og kollektivtilbod og at utbygging skjer der infrastrukturen allereie er på plass. • Gang- og sykkeltilkomst til senter, skule og busstopp må vere trafikksikker. • Fortetting og konsentrert byutvikling er ein føresetnad for å utvikle eit godt og attraktivt kollektivtilbod i vekstområda. • Roser kommunen for langsiktige planar om å transformere Straume til eit attraktivt og urbant regionsenter som ikkje er bilbasert, ut i frå eit godt kunnskapsgrunnlag. • Det er positivt at Øygarden kommune har fokus på å redusere bilbruk ved å legge til rette for innfartsparkering nær kollektivknutepunkt. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.

	<ul style="list-style-type: none"> • Det bør berre opnast for nye bustader i LNF-spreidd der det allereie er god trafikktryggleik. • Det er òg viktig at nye utbyggingsområde nyttar eksisterande avkøyrslar og tilkomstveggar der dette er mogleg, framfor å etablera nye direkte avkøyrslar til fylkesvegen. • Å byggje vidare på, og styrkje eksisterande infrastruktur, bør vere eit sentralt silingskriterium i arbeidet. • Rekkefølgjekrav til einskilde område i kommuneplanen er eit viktig verkemiddel for å sikra einigheit om at nødvendig infrastruktur må på plass i rett tid i høve til utbygginga. 	
Næring	<ul style="list-style-type: none"> • I ei vidareutvikling av grøn industri trengs større areal for å få utbytte av overskotsressursar i form av industriell symbiose, fleirbruk, gjenbruk og sambruk, skaping av fleire verdikjeder og ein sirkulær økonomi. • Kommunen bør ha ein massehandteringsplan, og helst få omsett steinmassane i samfunnsutvikling. • Det er venta mindre tilgang på fornybar energi i framtida, Øygarden bør sjølv bidra med meir eigenprodusert fornybar energi. 	Merknadane vert teken med vidare i arbeidet.

	<ul style="list-style-type: none"> • Øygarden kommune må vurdere korleis ein kan utvikle attraktivt reiseliv i dei områda som er planlagt satt av til industriell aktivitet. • Auka turisme, som bubilturisme, må takast omsyn til i arealplanlegginga. Blant anna nødvendig infrastruktur som tømestasjonar for bubil, vegstandard og avhending av søppel. • Effekten på naturkvalitetar som stiar og friluftsområde, samt korleis auka reiselivsaktivitet i området vil påverke lokale verdiar og grunneigars rettar må også takast omsyn til. 	
Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Minner om at dersom planforslaget er i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturmiljøinteresser kan Vestland fylkeskommune fremje motsegn til planen • Byggeområde på land og i sjø, og i LNF-område der spreidd utbygging er tillate, kan ikkje vere i konflikt med kjente freda kulturminne, eller andre verneverdige kulturminne med regional eller nasjonal verdi. • Der det er potensial for konflikt med automatisk freda kulturminne skal det leggjast til grunn plankrav. Alternativt skal det i føresegna vere krav til 	<p>Fylkeskommunen har heilt rett i at vi ikkje er tydelege på korleis vi skal nytta kunnskapsgrunnlaget frå arbeidet med kulturmiljøplanen inn i dette arbeidet, og at det er ein risiko for at ikkje all kunnskap er klart til utarbeiding av ny arealdel. Dette er noko vi ha med oss, og må vurdere undervegs.</p> <p>Merknadane elles vert også teken med vidare i planarbeidet.</p>

	<p>avklaring/registrering av kulturminneverdiane i heile areala, før utbygging kan starte.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Oppmodar om at planprogrammet tydeleggjer kva for tidspunkt kunnskapsgrunnlaget skal delast og utvekslast på tvers av planprosessane, med ei realistisk tidsramme. 	
ROS	<ul style="list-style-type: none"> • Framkomst, trafikktryggleik og beredskap på transportnettet og annan kritisk infrastruktur bør handterast som eige tema i ROS-analysen. 	Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.
KU	<ul style="list-style-type: none"> • For å ha eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er det viktig at kommunen ferdigstiller den nye kulturmiljøplanen i forkant av konsekvensutgreiinga. • I område med arealføremål anna enn LNF, som til dømes bustad, industri og næring, må konsekvensutgreiinga også gjere ei vurdering av moglegheitene for eventuelle uregistrerte automatisk freda kulturminne. • Økosystemtenester er ikkje nemnt som utgreiingstema i metodikk for konsekvensutgreiinga. Ber kommunen vurdere i kva grad økosystemtenester bør tydeleggjerast som eige tema. • Vassmiljø bør vera eit eige tema i konsekvensutgreiinga (KU forskrift § 21), 	<p>Metodeskildringa – korleis skal vi vurdere framtidens arealbruk vil vera eit levande dokument fram mot at vurderingsarbeidet av ny arealbruk startar opp.</p> <p>Merknadane elles vert teken med vidare i planarbeidet.</p>

	for å tydeleg vurderer påverknaden arealføremålet vil ha på miljømåla § 4-7 etter vassforskrifta.	
Fiskeridirektoratet, journalpostnummer 25/27258-94		
Kunnskap og medverknad om fiskeri og leveområde for artar i sjø	<ul style="list-style-type: none"> • Kystnære fiskeridata – data om fiskeplassar Øygarden er oppdatert i 2025. • Både akvakulturnæringa og fiskarane sine interesselag må involverast i planprosessen. • Det er i første rekkje næringsutøvarane som sit med kunnskap om behov for arealbruk, og oppmodar om å involvere akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen. 	Merknadane vert teken med vidare i planarbeidet.
Avveging av interesser i sjø	<ul style="list-style-type: none"> • Endring av eksisterande akvakulturområde, og eventuell etablering av nye, må utgreiast opp mot fiskeriinteresser og marint naturmangfald. • Det er viktig å sjå samanhengen mellom arealbruk på land og i sjøområda. 	Dette er allereie ein del av metodeskildringa – korleis skal vi vurderer framtidens arealbruk og strategiane. I tillegg har vi justert strategi om havbruk og planlegging i sjø i samsvar med merknaden.
Akvakultur	<ul style="list-style-type: none"> • Ved planlegging for akvakultur må ein først og fremst vurderer om areala som er sette av til føremålet i gjeldande arealplanar, er tilstrekkelege og riktig lokaliserte. • Fiskeridirektoratet rår til å greie ut om det i gjeldande kommuneplan er sett av tilstrekkeleg areal til akvakultur rundt 	Merknadane vert teken med vidare i planarbeidet.

	<p>eksisterande akvakulturlokalitetar/-område. Det gjeld både for:</p> <ul style="list-style-type: none">○ Dei områda der det er gjeve løyve til akvakultur etter Akvakulturlova.○ Eventuelle areal som er sett av til akvakultur i kommuneplanen, men som det ikkje er gjeve akvakulturløyve til enno.	
--	--	--